



ÅRSMELDING 2024

DEL 2

Rapportering frå dei ulike
planområda

Tokke kommune

Innholdsliste

Innholdsliste	3
Planområde 1 - Sentraladministrasjonen	5
Økonomisk oversyn	5
Tenesteproduksjon og aktiviteter	6
Organisasjon og medarbeidarar	7
Utfordringar og framtidsutsikter	8
Planområde 2 – Oppvekst.....	9
Økonomisk oversyn	9
Tenesteproduksjon og aktiviteter	10
Organisasjon og medarbeidarar	19
Utfordringar og framtidsutsikter	20
Planområde 3 – Helse og omsorg.....	22
Økonomisk oversyn	22
Tenesteproduksjon og aktivitet	24
Organisasjon og medarbeidarar	33
Utfordringar og framtidsutsikter	34
Planområde 4 – Plan, næring og kultur	37
Økonomisk oversyn	37
Tenesteproduksjon og aktiviteter	38
Organisasjon og medarbeidarar	45
Utfordringar og framtidsutsikter	46
Planområde 5 - Teknisk	47
Økonomisk oversyn	47
Tenesteproduksjon og aktiviteter	54
Organisasjon og medarbeidarar	58
Utfordringar og framtidsutsikter	59
Klima og miljø	60
Vedlegg	63

Planområde 1 - Sentraladministrasjonen

Økonomisk oversyn

PLANOMRÅDE 1 - DRIFTSREKNESKAP 2024						
Ansvar	Navn	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Revidert budsjett 2024	Avvik	Forbruk
1000	Kommunestyret	1 344 280	550 255	860 255	-484 025	156 %
1010	Formannskap	387 269	249 307	279 307	-107 962	139 %
1020	Ordfører/varaordfører	1 869 737	1 463 812	1 563 812	-305 925	120 %
1030	Eldrerådet	64 276	39 396	39 396	-24 880	163 %
1040	Kontrollutval og revisjon	875 358	991 095	991 095	115 737	88 %
1060	Rådet for personar med funksjonsnedsetjing	23 970	26 837	26 837	2 867	89 %
1070	Takstutval	23 563	22 506	22 506	-1 057	105 %
1080	Ymse	254 901	228 220	228 220	-26 681	112 %
1100	Fellestenester	18 180 083	15 924 992	16 794 992	-1 385 091	108 %
1110	IKT-Felles	3 814 995	4 642 400	4 742 400	927 405	80 %
1150	Integrering	6 468 179	2 563 225	6 403 225	-64 954	101 %
1210	Økonomiavdeling	4 306 789	3 887 096	3 887 096	-419 693	111 %
1410	Tokke kyrkjelege fellesråd	5 222 000	5 222 004	5 222 004	4	100 %
1700	NAV Vest Telemark - administrasjon	2 330 877	2 253 855	2 253 855	-77 022	103 %
1710	NAV - sosiale tenester Tokke og KVP V-T	2 240 419	2 300 000	2 300 000	59 581	97 %
	Sum	47 406 696	40 365 000	45 615 000	-1 791 696	104 %

Kommentar til dei største økonomiske avvika:

Ansvar	Tekst	Årsak
1000 - 1010	Kommunestyret / formannskap	Auka politikargodtgjersla / tapt arbeidsfortenesta
1100 - 1110	Fellestenesta / IKT-felles	Konsulentbruk, forsikringar, diverse lisensar
1210	Økonomiavdelinga	Ekstrahjelp ifm nytt økonomisystem.

Tenesteproduksjon og aktiviteter

Handlingsprogram

Utfordring og tiltak	Mål	Resultat
Oppdatering av beredskapsplanverket	Innan 2024	Ny frist – ferdigstilt juni 2025
Jobbe med organisasjonsutvikling saman med tillitsvalde, verneombod og leiinga med hjelp av KS-Konsulentane.	Fortsette med dette i 2024	Utført i 2024. Jobben held fram også i 2025
Ferdigstille arkivplan	Innan juni 2024.	Utført
Val av nye meddomarar til ting- og lagretten	Innan 1. juli	Utført
Gjennomføre medarbeiderundersøking 10-faktor	Innan april 2024.	Utført
Avslutte etteroppgjer etter vilkårsrevisjonen	Innan 2024	Held fram i 2025

Arkivverket gjennomførte tilsyn i Tokke mars 2024. Tilsynet resulterte i mange positive funn som t.d. arkivtenesta si gode oversikt over kommunens arkivdanning samt innsikt i kva som manglar. Arkivplan blei oppdatert og kjem til å fungere godt som eit verktøy i revideringar og internkontroll. Positiv omtale fekk også samarbeid mellom arkivleiar, IKT og øvste leiing i kommunen samt auka fokus på jamlege kurs og opplæring av kommunens tilsette.

Kommunen fekk 6 pålegg som t.d. lage plan for å avslutte papirarkiv, plan for langtidsbevaring av elektronisk arkivmateriale og dokumentasjon på korleis krav om fullelektroniske system blir tekne hand om. I slutten av oktober blir tilsynet avslutta. Arkivtenesta har delteke aktivt både i arkivforum og i digitaliseringsutval i Vest-Telemark for å samordne og sjå på utvikling av digitale tenester.

Personalavdelinga har i 2024 førebudd seg på å taka i bruk nytt rekrutteringsverktøy, Webcruiter. Programvara gjer det enklare både for søkjarar og administrasjonen å rekruttere nye tilsette. Det blei gjennomført ein del testing av programvara samt opplæring for alle i leiinga. Både personal og arkiv har jobba mykje for å få Integrasjon av Webcruiter og sak- / arkivsystem Elements på plass.

Kommunen tok også i bruk ny programvare for økonomistyring ERP frå 1.mai 2024. Det har også hausten blitt 2024 testa programvara EveryOne, som ein del av nytt økonomiprogram ERP. Kommunen tek EveryOne i bruk i fyrste halvdel av 2025.

Kommunestyret har frå våren 2024 tatt i bruk Kaukus for å protokollføre samt overføre både video og lyd over internett (streaming) frå møte. Løysinga gjer det mogleg for kommunestyremedlemmar å røyste digitalt. Samstundes kan dei som er interesserte fylgje med korleis kvar enkelt medlem røyster i møte, direkte sending eller eventuelt i opptak. Framlegg til Kommunedirektørens tilråding til vedtak og eventuell endringsframlegg til det frå kommunestyret, blir også vist slik at alle kan få dette med seg i sendinga.

Økonomiavdelinga legg eit utfordrande år bak seg. Avdelinga har i 2024 tatt i bruk nytt ERP-system. Dette systemet samordnar informasjon frå dei ulike delane av økonomi- og HR-funksjonen. Implementeringa førte med seg mange problem, som har skapt mykje ekstra arbeid gjennom året. I tillegg har byte av hovudbank bidrege til ytterlegare utfordringar, men håpet er at det nye systemet skal gjeva betre kvalitet i arbeidet, og bidra til forenkling av prosessar når alt fungerer som det skal.

Organisasjon og medarbeidarar

Sentraladministrasjonen omfattar arkiv, resepsjon, personalavdeling, seniorrådgjevar, politisk sekretariat, økonomiavdeling og integrering. I tillegg ligg Nav Vest-Telemark under sentraladministrasjonen.

Det er til saman 16 årsverk. Økonomisjef har personalansvar over tilsette i økonomiavdelinga, og organisasjonssjef har ansvar over tilsette i personal, arkiv og sentralbord. Kommunedirektøren har personalansvar for rådgjevar, informasjonskonsulent, organisasjonssjef og økonomisjef.

Pl. 1 Sentraladministrasjon	Årsverk
• Kommunedirektør	1
• Rådgjevar	0,8
• Organisasjonssjef	1
• Informasjonskonsulent	1
• Personalkonsulent	1
• Formanskapssekretær/konsulent	1
• Arkivleiar	1
• Arkivmedarbeidar	1
• Konsulent (sentralbord)	1
• Økonomisjef	1

• Økonomirådgjevar	1
• Lønsmedarbeidar	1
• Konsulent	1
• Integrering	2

Nærvær/sjukefråvær

	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Planområde 1	4,2%	6,91%	3,24%	4,19%	7,13%	2,84%	4,54%	5,38%
Langtidsfråvær %	3,29	4,49	1,84	3,28	6,05	2,00	2,97	4,20
Korttidsfråvær %	0,92	2,42	1,40	0,91	1,09	0,84	1,58	1,18

Fråværsprosenten omfattar heile sentraladministrasjonen, inkludert Nav Vest-Telemark.

Utfordringar og framtidsutsikter

Den største utfordringa i fellestenesta er framleis at me er sårbare i tenestane, spesielt ved eventuelle fråvær. Difor må etaten jobbe vidare med å dele kompetanse og oppgåvene. I dei største oppgåvene bør det vera to personar som har naudsynt kunnskap om området.

Ei anna utfordring er stadig høgare grad av digitalisering og effektivisering av tenestar. Planområde må taka i bruk digitale verktøy som i byrjinga krev ein del ressursar, men på sikt kjem til å frigjere tid til andre oppgåver.

Planområde 2 – Oppvekst

Økonomisk oversyn

PLANOMRÅDE 2 - DRIFTSREKNESKAP 2024						
Ansvar	Navn	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Revidert budsjett 2024	Avvik	Forbruk
2000	Oppvekstutvalet	114 246	113 224	113 224	-1 022	101 %
2100	Oppvekst,kultur og idrett	2 066 122	5 892 489	5 892 489	3 826 367	35 %
2120	Vaksenopplæring	3 465 264	3 910 973	3 910 973	445 709	89 %
2170	Formidlingslån og tilskotsordningar	97 443	132 304	132 304	34 861	74 %
2200	Fellesutgifter skule	5 093 719	5 369 742	5 369 742	276 023	95 %
2210	Tokke skule	27 115 822	24 685 439	24 902 439	-2 213 383	109 %
2220	Høydalsmo skule	15 441 935	14 076 267	14 076 267	-1 365 668	110 %
2310	Kulturskulen	3 592 000	3 147 973	3 147 973	-444 027	114 %
2340	Fritidsklubb	1 263 814	1 315 223	1 315 223	51 409	96 %
2400	Fellesutg. barnehagar	1 851 691	1 448 428	1 448 428	-403 263	128 %
2410	Dalen barnehage	13 756 500	13 302 496	13 415 496	-341 004	103 %
2420	Høydalsmo barnehage	6 404 833	5 676 541	6 359 541	-45 292	101 %
2440	Byrte barnehage	1 876 018	1 646 672	1 646 672	-229 346	114 %
2470	Åmdals Verk barnehage	2 240 856	2 237 229	2 272 229	31 373	99 %
	Sum	84 380 264	82 955 000	84 003 000	-377 264	100 %

Kommentarar til dei største økonomiske avvika:

Ansvar	Tekst	Årsak	Beløp
2100	Oppvekst	Lønsjustering er samla på dette ansvaret og er ikkje fordela. Det påvirkar resultatet på andre ansvar.	3 826 367
2120	Vaksenopplæringa	Færre undervisningsgrupper på grunn av nedgang i mottak av flyktningar, samt mange har fullført sitt introduksjonsprogram. Har ikkje sett inn vikarar ved sjukdom/fråvær.	445 709
2200	Fellesutgifter skule	Ansvar 2200 og 2400 må ein sjå i samanheng. Noko ekstraavgifter til PPT på grunn av omorganisering.	276 023
2400	Fellesutgifter barnehage		-403 263
2210	Tokke skule	Overforbruk på vikarar. Brukar elles for mykje på leasingavtaler, mat og	-2 213 382
2220	Høydalsmo skule		-1 365 668

		annonsering. Nokre refusjonar er ført på ansvar 2100.	
2310	Kulturskulen	Nytilsette har høgare løn enn budsjettert i henhold til Hovedtariffavtala.	-444 027
2340	Fritidsklubb	Går i overskot på grunn av søknad av eksterne midlar.	51 409
2410	Dalen barnehage	Lønsutgifter, overtid. Overtid ved fråvær.	-341 003
2420	Høydalsmo barnehage	Lønsutgifter, overtid.	-45 292
2440	Byrte barnehage	Fastløn og faste tillegg er høgare enn budsjettert. Noko vikarutgifter for ferievikarar.	-229 346
2470	Åmdals Verk barnehage		31 373

Samla overforbruk på etaten er 377 264 kr, som utgjer 0,45% av den totale ramma til planområdet.

Tenesteproduksjon og aktivitetar

Dalen barnehage

2024- Eit godt år!

Det har vore drift på fem avdelingar i barnehageåret 2024.

Fyrste halvdel av året hadde 59 born tilbod i barnehagen, og 77 plassar var i bruk (30. juli) I andre halvdel av året hadde 53 born tilbod i barnehagen, og 73 plassar i bruk.

Det varierer kor mange born som byrjar i løpet av våren, men det er eit tydeleg behov for fleksibilitet i organisering av grupper og personale når me skal ta opp barn løpande gjennom året.

Det går 13 minoritets-språklege born i barnehagen, og 4 av desse er frå Ukraina.

Spesialpedagogisk hjelp

På slutten av andre halvdel av året fekk me endeleg samarbeide med PPT att. Det har vore born som ikkje har blitt tilmeldt på grunn av situasjonen til PP-tenesta, difor er det svært gledeleg at dette no er på plass.

Personale

Barnehagen brukar personalressursane fleksibelt, sjølv om dette krev litt av personalet. Lite vikarbruk fører med seg at personalet må flytje på seg eller at barnegrupper slår seg saman. I andre halvdel hadde Byrte barnehage eit aukande behov for eit tettare samarbeid kring bemanning. Det var to variantar som blei nytta, personale frå Dalen blei flutt opp, og heile barnegruppa i Byrte blei flutt ned på Dalen.

Utviklingsarbeid- korleis arbeider vi systematisk med å utvikle kvaliteten?

Stabilt personale og gode rammer er avgjerande for korleis ein kan arbeide systematisk. All møtetid går med til å legge til rette for at barn skal ha det trygt og godt.

Fokus i møtetida har vore:

- Kompetanseløftet for spesialpedagogikk (Vest-Telemark samarbeid)
- Tilrettelegging av eit inkluderande fysisk leikemiljø (samarbeid med STYD)
- Stine Sofie barnehagepakke
- Liv og røre

Andre suksessfaktorar

- Godt foreldresamarbeid
- Godt samarbeid med helse
- Godt samarbeid med skule (overgang)

	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025
Plassar	69	63	68	65	74/76	74	73
Barn	43	44	50	48	54/56	56	53



Høydalsmo barnehage

Saman med dei andre barnehagane og skulane arbeider me med kvalitet og kompetanse. I 2024 har hovudtema vore eit Kompetanseløft rundt inkludering og ikkje-inkluderande haldningar, samt gruppe- og klasseleing /vaksenrolla. Dette arbeidet skal utvidast og halde fram i 2025 og 2026

Inkluderande barnehagemiljø gjennom gode relasjonar, leik og venskap er tema som barnehagen arbeider med. Barnehagelova og rammeplanen krev at me arbeider systematisk og førebyggjande for å skape eit trygt og godt miljø der alle barn er sosialt inkludert. Det er lovfesta ein aktivitetsplikt for alle i personalet rundt dette arbeidet.

Me har stort fokus på ein trygg start med gode rutiner for nye barn og foreldre.

Hausten 2024 opplevde me å få ein stor pågang av søkjarar til barnehagen. Etter politisk behandling og vedtak tok me imot fleire barn enn fyrst planlagt. Gruppene blei større enn før og det vart behov for endringar i organisering av kvardagen for barn og vaksne.

På slutten av året 2024 hadde 29 born tilbod i barnehagen, av dei var 17 born under tre år. 6 av borna vil bli skulestartatar hausten 2025. Me har tatt imot tre nye barn frå Ukraina i løpet av 2024. To av dei går i barnehagen framleis.

	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025
Plassar	22	27	22	29	30	28	35	46
Barn	17	19	18	21	21	19	24	29



Byrte barnehage

Barnehagen har ei avdeling og har born i alderen 2 til 5 år. Fyrste halvdel av året var det 7 born som gjekk i barnehagen, medan det var 6 born det andre halvåret.

Tilsette har halde fram med å arbeide med relasjonsbygging og mot målet om at alle barna skal kjenne seg inkludert trass i stort aldersspenn. Barnehagen har bruka nærområdet aktivt, og vil særleg dra fram friluftsveka i haust som suksessfull. Det var turar i skogen, ned til vatnet og alle måltid var ute.

Gymsalen har også vore i flittig bruk, både til organisert leik og aktivitetar, og uorganisert leik.

Mot slutten av året blei det nokre utfordrande veker i forhold til bemanning, og det var naudsynt å samarbeid med Dalen. Nokre dagar vart barnehagetilbodet på Dalen, andre gonger kom det vikar frå Dalen til Byrte.

	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025
Plassar	8	6	10	8
Barn	6	4	7	6



Åmdals Verk barnehage

Barnehagen er ei avdeling med 9 barn frå 1,5 år til 4,7 år.

Dei minste barna søv ute i hengekøyer når temperaturen tillet det.

- Leiken har hovudfokus og gjennom leiken arbeider me for at alle borna opplever meistring og inkludering. Me har som mål å ha nok av same leiker til alle borna, det skaper naturleg inkludering. Me legg stor vekt på vaksne sin kompetanse på leik, gjeva borna kompetanse til å koma inn i leiken (inkludering), trygge borna på å sleppe fleire inn i ein etablert leik og god konflikt handtering.
- Me brukar mykje song og musikk. Me syng songar der borna kan utrykke seg med rørsle, og me introduserar borna for forskjellige musikkjangrar. Me bevegar oss og dansar etter musikk, (motiverer borna til å uttrykke seg gjennom musikk, dans, drama og anna skapande verksemd, og la dei få utvikle varierte uttrykksformer. Rammeplanen for barnehagen.
- Me har ofte besøk av dyr i barnehagen både kaniner, hest og hund. Me har rugemaskin så me klekker ut kyllingar til påske.
- Me har mykje fokus på uteliv og er ute kvar dag dersom temperaturen tillet det. Barnehagen har eit unikt uteområde med varierte naturelement og eit trygt nærmiljø. Me legg stor vekt på leik i utemiljøet som skaper kreativitet, nysgjerrigheit, fantasi og uthaldenhet. I nærmiljøet kan me gå på tur, gå på ski, besøke grillhytta, elva, gruveparken og skogen.

	2022/2023	2023/2024	2024/2025
Plassar	10	9	12
Barn	5	5	9

Tokke skule

Tokke skule fekk ny rektor 1. januar. Han gjekk diverre ut i sjukemelding i juli, og Mona Seltveit blei konstituert rektor frå hausten.

Tilsetjingsprosessen vår 2024 var litt krevjande, men det meste var på plass ved skulestart i august.

Sjølv om me ikkje har tatt i mot mange flyktningar dette året, har me halde fram med forsterka norskopplæring i gruppe og i eiga klasse faste timar pr. veke.

Småskulen hadde småskulefest med stor suksess i vår, medan mellomsteget hadde joleforestilling veka før jol, også med stor suksess. Kulturveka med Siri i spissen blei skikkeleg bra, også i år. Det årlege joleballet blei til nyttårsball, mogleg dette blir fast framover.

Tokke skule har fokus på å skape eit trygt, godt og inkluderande skule- og læringsmiljø, der elevane skal oppleve meistring og trivsel. Dette jobbar me dagleg med, og har dette med inn i timar og i utviklingstida vår.

Ungdomssteget har framleis fokus på MOT og unge MOTivatorar, dette er økter som er bestemt frå MOT, spesielt retta mot ungdomsskulen. Unge MOTivatorar har økter med elevar i mellomsteget.

Me arrangerte den årlege solidaritetsdagen der elevane bestemte at pengane skulle gå til barnekreftforeininga. Me avslutta før jol med ein grautfest på kulturhuset, som har blitt ein triveleg tradisjon.

Me ser no fram til at arbeidet med den «nye» skulen skal starte.



	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025
Barnetrinnet	134	136	120	111	113	103	103
Ungdomstrinnet	50	51	56	61	66	67	65
SUM	184	187	176	172	179	170	168

Høydalsmo skule

Høydalsmo skule har fokus på å skape eit trygt, godt og inkluderande skule- og læringsmiljø, der elevane skal oppleve meistring og trivsel.

Dei yngste elevane har «Zippys venner» – eit opplegg som skal lære elevane livsmeistring gjennom å meistre daglegdagse utfordringar, identifisere og snakke om kjensler og å støtte andre.

Aktivitetsleiarane i 7.kl., i regi av Aktiv Skole 365, har gjort ein flott innsats med aktivitetar i storefri for barneskulen, og turneringar i ishockey og kanonball for heile skulen.

To nye elevar i ungdomsskulen har blitt utdanna som Unge MOTivatorar. Desse bidrar til at alle på skulen kjenner seg inkludert.

Skulen har fleire utviklingsområde me jobbar med. I det utvida MOT-programmet «Skulen som samfunnsbygger», der målet er fellesforstått ansvarskjensle; «it takes a village to raise a child», har me i år hatt fokus på motstandskraft og «psykologisk trygghet» både for elevar og dei tilsette. Det handlar om å skape eit gruppeklime der medlemane opplever risikofri sone til å uttrykke det dei føler og meiner.

I 2024 hadde Høydalsmo skule spesielt fokus på kompetanseløftet der målsetninga er at alle barn og unge skal oppleve eit godt tilpassa og inkluderande tilbod.

I tillegg jobba me vidare med å implementere strategiane me har utarbeidd for å minske risikoen for ufrivillig skulefråvær.



Vinnarane av fylkesfinalen i klassequizen 2024-25.



Frå Temaveka om Samane i barneskulen

Utvikling av elevtal på Høydalsmo skule (teljedato er 01.10 kvart år).

	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025
Barnetrinnet	42	42	41	41	35	43
Ungdomstrinnet	24	24	24	23	23	19
SUM	63	66	65	64	58	62

Kulturskulen

2024 har vore eit godt år for kulturskulen. Også dette året har det vore litt utskiftingar i personell sjølv om fagtilboda har vore stabile, og stødige lærarkrefter har vore inne om så for kort tid.

Kulturskulen har vore bruka som ressurs i fleire grunnskuleprosjekt også dette året, som kulturveka, små- og mellomtrinns-førestilling, og det er ei gjensidig glede at ein kan bruke fagkompetansen vår breitt når me har kapasitet.

Kulturskulekonsertane i haust har fått tema og ein meir raud tråd, som la grunnlag for mellom anna fleire fellesnummer og tverrfaglege uttrykk. Dette med gode tilbakemeldingar. Mot jol arrangerte me også vår fyrste jolekonsert på mange år, som også blei ei stemningsfull hending.

I desember blei det blant anna tilsett ny dramalærer, og dramatilbodet startar opp våren 2025.

GSI-tala viser at vi har ein god oppsving i elevar i kulturskulen i 2024, og mange elevar går også på meir enn eitt tilbod. Me har i år lagt til rette for dei som er yngre enn 3.klasse, med mellom anna musikkleik for dei yngste og visuell kunst for dei yngste i SFO-tid. Dette har medført auka rekruttering og er ei positiv utvikling av kjernetilbodet vårt.



Teljedato for elevtal er 01.10 kvart år.

	2023/2024		2024/2025	
	Elevlar	Venteliste	Elevlar	Venteliste
Under grunnskulealder	0	0	0	0
I grunnskulealder	74	2	79	1
Over grunnskulealder	28	1	45	0
SUM	102	0	124	1

Vaksenopplæringa/flyktningtenesta

Det vart busett 16 flyktningar i Tokke i 2024, alle er frå Ukraina. Desse er busett i Høydalsmo. Det har med det blitt fire nye ukrainske elevlar på Høydalsmo skule og eit ukrainsk barn i barnehagen.

I vaksenopplæringa er det tre grupper med studentar på ulikt nivå. Det er mest studentar frå Ukraina, men også nokre frå Kongo, Eritrea og Tyrkia. I tillegg til norskopplæring på dagtid har det i haust også vore arrangera kveldskurs for andre innvandrarak. Dette var eit samarbeid mellom Tokke kommune og Briga.

SLT

I 2024 blei det innført SLT-koordinator i 40 % stilling i kommunen. Inkludert i stillinga er oppgåva som radikaliseringskontakt. Koordinatoren er medlem av elevtenesta ved Vest-Telemark vidaregåande skule og deltek aktivt i SLT-nettverk både i Vest-Telemark og Telemark.

Det blei utarbeidd og godkjent ein handlingsplan for SLT-arbeidet for perioden 2024–2027, som samsvarer med valperioden til det sitjande kommunestyret. Arbeidet byggjer vidare på prosjektet *Frå haldning til handling*, som blei avslutta i desember 2013.



Det blir jamleg avhalde møter etter SLT-modellen, med hovudfokus på førebyggjande arbeid mot rus og kriminalitet. Samstundes er det eit sterkt fokus på å ta vare på ungdommen, særleg knytt til psykisk helse og livsmeistring. Fokusområda blir i stor grad styrte av resultata frå Ungdata-undersøkinga, som gir viktig innsikt i utfordringane ungdom står overfor lokalt.

Ungdomsklubben

Dalen ungdomsklubb er open 3 kveldar i veka frå 8. klasse og oppover. Det har vore veldig bra aktivitet og oppmøte, haust 2024. Skateparken er godt brukt og er eit vellukka prosjekt. Det har elles vore mykje paintball vår/sommar 2024. Dalen ungdomsklubb har eit godt samarbeid med dei andre klubbane i Vest-Telemark.

Me har gjennomført GEEKS E-sport gaming-helg og eit rusfritt arrangement i 2024. Me har søkt om diverse midlar som har blitt bruka til utstyr til klubben og det er kjøpt inn nye Dinner møblar som er kjempefine. Frå hausten 2024 fekk me på plass den seiste 20% stillingen i personalet.

Ungdomsklubben/Elvarheim har elles blitt renovert utvendig haust 2024. Det var litt mykje kaos i ein periode, men resultatet blei veldig bra.

BTI

BTI-prosjektet har vore i drift sidan 2019. Arbeidet med å utføre sjølve modellen blei slutført i juni 2021. I det vidare arbeidet må tilsette ta planen og modellen i bruk. Dette krev jamleg repetisjon, påminning og til dømes øve på ulike aktuelle case. Oppvekstetaten har det overordna ansvaret for drift og vedlikehald av BTI-modellen.

Rettleiaren finn du på :[Uroleg for eit born - TOKKE KOMMUNE](#).

Vedlikehald og drift er sikra gjennom årshjulet. BTI modellen viser ulike nivå og rutinar i høve samhandling mellom ulike etatar og avdelingar.

Liv og røre

Det blir gjort mykje godt arbeid i barnehagane i Tokke, noko me kan vere stolte av.

«Liv og røre» skal bidra til betre helse og trivsel for barnehagebarn.

Programmet er kunnskaps – og erfaringsbasert. Helsestasjon, fysioterapitenesta, tannhelse, styrarar og ressurspersonar i barnehagane deltek på fagsamling haust og vår.

Samlingane bidreg til at me held fokus i det tverrfaglege samarbeidet, samstundes som me får fagleg påfyll og erfaringsutveksling med andre kommunar som deltek.

Organisasjon og medarbeidarar

Personalstoda

Etaten har 93,45 årsverk pr. august 2024 (98,75 årsverk året før). Årsaka til nedgang av stillingar er på grunn av at kultur og integrering er lagt til andre planområde.

Tilsetjingsprosessen vår 2024 var noko krevjande. Me måtte lyse ut dei same stillingane fleire gonger før me lukkast å få nok bemanning. Me hadde alle stillingar på plass ved nytt barnehage - skuleår, men alle var ikkje kvalifiserte. Me måtte difor skrive dispensasjon frå pedagogisk bemanning i to av barnehagane.

På Tokke skule har det vore svært ustabil i leiinga. Då rektor har vore sjukmeldt, har inspektør fungert som rektor heile hausten 2024. På grunn av mangel på bemanning i Byrte barnehage frå november 2024, blei borna flutt til Dalen barnehage. Dette gjennom ein prosess med dialog og informasjon med både tilsette og føresette.

Ungdomsklubben har no lukkast i å få tilsett i alle stillingar, noko som fører til at det er føreseieleg og det er mogleg å få til vidare utvikling og samarbeid.

Me har ein del ungdom frå distriktet som vel å kome attende etter fullført utdanning. Dette er me svært nøgde med.

Personale, stillingar og kompetanse

Etaten sitt fagområde er vidt og stort. OKI er underlagt eit lovverk som i stor grad styrer aktiviteten. Tilsette sin arbeidskvardag er krevjande. Lærarar opplever at mykje tid og ressursar går til handtering av reguleringsvanskar, åtferd og oppfølging av psykososiale utfordringar. Hendingar og utfordringar som skjer i fritida blir ofte trekt inn i skulekvardagen.

I heile Noreg er mobbing ei aukande utfordring. Samhandling og tverrfagleg samarbeid har stort fokus. I løpet av hausten 2025 skal barnehage og skule i samarbeid med blant anna helse, starte med "Foreldretrapp - laget rundt barnet" som ein del av Oppvekstplanen. Det vil vera ulike tema på foreldremøte med informasjon og dialog kring born og unges utvikling og utfordringar. Laget kring barnet står sentralt,- der både føresette og ulike instansar må meir på banen. Lærarane må ha meir fokus på tydeleg klasseleiing.

I barnehagen opplever ein også nokre utfordringar kring reguleringsvanskar. Fokus på gode rutinar, lek og vaksenrolla har hatt mykje fokus.

Både skule og barnehage starta på “Kompetanseløftet” haust 2023. Målet med kompetanseløftet er at alle som jobbar med born og unge skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne førebygge, fange opp og gjeva eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle. I 2024 har det vore mest fokus på inkluderande praksis med tema kring klasseleiing, vaksenrolla og ikkje inkluderande haldningar.

I høve kompetanse klarar me ikkje heilt å stette krav om studiepoeng i alle fag. Lærarutdanninga har til dømes blitt meir spissa i høve fag (lærarane har berre kompetanse på 2 – 3 fag), som medfører at det blir vanskeleg å få inn tilsette med rett kompetanse på «små» skular. Etaten legg til rette for etter – og vidareutdanning. Hausten 2024 starta 1 lærar på etterutdanning med stønad frå Udir (vikarordninga) Tre studentar frå Tokke fekk stønad under utdanning for å bli barnehagelærar. Ei blei ferdig vår 2024.

Nærvær/sjukefråvær

Fråværet er noko mindre i 2024 enn i 2023, både i høve korttidsfråværet og langtidsfråværet.

	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Planområde 2	94,87%	93,5%	91,5%	93,2%	92,8%	94,5%
Langtidsfråvær	3,49%	4,31%	5,9%	4,1%	5,0%	3,9%
Korttidsfråvær	1,64%	2,24%	2,5%	2,6%	2,2%	1,7%

Utfordringar og framtidsutsikter

Dei største utfordringane i etaten vil framleis vere mangel på personale med rett kompetanse. Mangel på barnehagelærarar er for tida mest krevjande.

Etaten ser også ein aukande utfordring med elevar som slit med reguleringsvanskar både i barnehage og skule. Tydeleg vaksenrolle, samt eit tverrfagleg samarbeid/dialog kring alle som jobbar mot born og unge vil vere særskilt viktig i åra som kjem.

Tokke kommune går inn i ei tid med store innsparingar. Me må sjå nærare på korleis ein i større grad kan drive etaten meir effektivt og kostnadssparande både innan drift og bemanning. Dette krev både kreativitet og vilje frå både tilsette og leiinga.

Handlingsplan

Tiltak	Skildring av tiltak
Rekruttering	Kompetanseauke i barnehage og skule. Då det er krevjande å få tak i personar med rett kompetanse (lærarar og barnehagelærarar), må me framleis ha fokus på rekruttering/etterutdanning.
Utviklingsarbeid i barnehage og skule	Både skule og barnehage held fram med Kompetanseløftet. Kjem til å ha fokus på: • Inkluderande praksis og spesialpedagogikk • Laget rundt barnet. BTI (Betre tverrfagleg innsats) • Intensiv opplæring Fokus på gode barnehage - skulemiljø
Aktiv og synleg kulturskule	Ønskjer å gje borna attraktive og engasjerande tilbod. Tverrfaglege prosjekt kan både engasjere og effektivisere ressursbruken i kulturskulen.
Planarbeid	Oppvekstplanen skal ferdigstillast vår 2025. Må sette «lokal del» i drift. Planen skal i større grad sikre tverrfagleg samarbeidsarenaer – og rutinar. • Foreldretrappa. Møte mellom føresette og ulike fagpersonar, som saman dannar «laget rundt boret» • Trygt og godt barnehage – og skulemiljø er revidert i januar 2025. Beredskapsplanar i barnehage og skule skal reviderast i 2025.
Born og unge	Sommarskulen held fram i 2025. Halde fram arbeidet med å få eit godt Ungdomsråd med fokus på medverknad og involvering. Haldningsskapande aktivitetar og informasjon for ungdom. Setje i drift SLT-aktivitetar jf plan. Må søkje om eksterne midlar. Ungdomsklubben held fram med aktivitetar og møteplass for ungdom.

Planområde 3 – Helse og omsorg

Økonomisk oversyn

PLANOMRÅDE - DRIFTSREKNESKAP 2024						
Ansvar	Navn	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Revidert budsjett 2024	Avvik	Forbruk
3000	Helse- og sosialutvalet	137 144	113 761	113 761	-23 383	121 %
3100	Helse- og omsorg - administrasjon	5 081 529	4 955 194	4 955 194	-126 335	103 %
3200	Fellesutgifter	-138 276	1 824 040	1 824 040	1 962 316	-8 %
3210	Legeteneste	13 640 672	12 348 292	12 678 292	-962 380	108 %
3220	Fysio/ergo/rehabilitering	2 961 794	3 135 558	3 135 558	173 764	94 %
3230	Miljøretta helsevern	324 000	447 996	447 996	123 996	72 %
3310	Helsestasjon	2 837 792	2 628 780	3 188 780	350 988	89 %
3320	Jordmor	1 026 071	938 832	938 832	-87 239	109 %
3420	Barnevern	5 855 641	6 599 977	6 599 977	744 336	89 %
3430	Edruskapsvern	37 232	0	0	-37 232	0 %
3490	Psykatri	5 828 439	5 656 402	5 656 402	-172 037	103 %
3510	Heimesjukepleie	23 226 204	19 818 535	19 818 535	-3 407 669	117 %
3520	Institusjon	29 113 814	24 179 557	25 609 557	-3 504 257	114 %
3530	Sjukepleiarteam	974 871	0	0	-974 871	0 %
3540	Omsorgsteneste	2 070 261	2 421 322	2 451 322	381 061	84 %
3550	Åheim	11 327 225	9 454 226	9 754 226	-1 572 999	116 %
3570	Heimevaktmeister	342 954	342 611	342 611	-343	100 %
3590	Kjøkken	4 180 627	3 865 917	4 045 917	-134 710	103 %
	Sum	108 827 995	98 111 000	101 561 000	-7 266 995	107%

Rekneskapen for etaten ende på eit meirforbruk på kr. 7,2 mill. i 2024. Det økonomiske meirforbruket er i hovudsak knytt til omsorgsavdelingane og manglande rekruttering av helsepersonell. Her er dei viktigaste forklaringane:

- Bruk av vikarbyrå kr. 4 500 000
- Overforbruk overtid kr. 2 030 000
- Overforbruk transport til og frå dagavdeling og institusjon kr. 341 000
- Overforbruk medisinske forbruksvarer kr. 141 000
- Meirforbruk KLP og arbeidsgjevaravgift. Kr. 1 016 000

Tokke kommune kjøpte totalt 8 overliggardøgn på sjukehus 2024, til ein kostnad på totalt kr. 45 960. Det er ein radikal nedgang frå tidlegare år.

Oppfølging av verbalforslag som var vedtatt i kommunestyret desember 2024:

“Ein ber administrasjonen om å vurdere eit samarbeidsprosjekt mellom Tokke kommune og NAV når det gjeld rekruttering til Omsorg. Viser til eit tilsvarande prosjekt mellom Larvik kommune og NAV om dette. Målet med prosjektet er å sjå om NAV har personar på tiltak som kan omskolerast gjennom eit kurs på 8 veker for så å styrke bemanninga på Omsorg”

Her er det gjort ei vurdering i samarbeid med NAV og konkludert med at etaten allereie har eit svært godt, og tett samarbeid på tvers av etatar. Prosjektet kommunestyret viser til er gjennomført i Vest Telemark, med få kandidatar frå Tokke.

“I arbeidet med rekrutteringstiltak skal administrasjonen vurdere tilbod om gratis leilegheit i Høydalsmo i eit år, for nyttilsette sjukepleiararar på institusjon” Her er det gjort avtale med eit par sjukepleiarar, som har søkt seg til kommunen. Tiltaket har fungert godt.

“I TØRN-prosjektet oppfattar me at omsorg har fått mest merksemd, så det er ynskje om at ein gjer eit like grundig arbeid innanfor helse”. Det har ikkje vore kapasitet til arbeid med TØRN i 2024. Avdelinga tek oppdraget med inn i 2025.

Det har som tidlegare år vore arbeidd for å minimere overliggar på sjukehus. I 2024 har kommunen hatt overliggar på sjukehus med totalt 8 døgn. Det er ein reduksjon med 5 plassar frå 2023.

Det har blitt gjennomført fleire utviklingsprosjekt. I 2024 fekk kommunen innvilga kr. 526 500 av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark til tenesteutviklingsprosjekt. Det blei i stor del bruka for å arbeide med oppgåvefordeling og sjukepleiarteam. I tillegg arbeidde etaten med ein heilt ny kompetanseplan for helse- og omsorgstenesta. I tillegg fekk kommunen kr. 230 000 frå Statsforvaltaren i kompetansetilskot. Det har blitt bruka for å finansiere vidareutdanning for helsepersonell.

Legetenesta har i samarbeid med Vinje kommune søkt og fått støtte frå helsedirektoratet for å arbeide for eit sikrare og meir bærekraftig legevaktstilbod. Her fekk kommunane samla 3 millionar for 2024. Arbeidet held fram i 2025.

Tokke kommune har også motteke tilskot frå helsedirektoratet for prosjekt knytt til helsestasjon og skulehelsetenesta, der midlane skal gå til utvikling av tilbodet, samt psykisk helse og rus, der midlane skal gå til styrking av bemanning, i tråd med regjeringa sin satsing på området.

Tenesteproduksjon og aktivitet

Institusjon

Tokke helsesenter har 28 plassar fordelt på langtid, korttid, rehabilitering samt palliasjon og lindrande behandling. Dei aller sjukaste pasientane har vedtak om langtidsopphald på institusjon. Over 80% av pasientane er demente. Institusjon har 7 plassar som er spesielt tilpassa demente, det er i underkant av det totale behovet for skjerma plassar. Skjerma plassar har generelt ei høgare bemanning enn ordinære langtidsplassar, for forebygging og handtering av uro, vald mellom pasientar, tilsette som blir utsett for vald/truslar, og mykje vandring. Nokre pasientar treng konstant tilsyn, skjerming og små miljø. God bemanning og fagkompetanse er avgjerande for denne pasientgruppa. I slutten av 2024 har det og kome ein ressurskrevjande brukar som har eiga bemanning.

I budsjettet blei det vedteke ei 20 % stilling som demenskoordinator, som blei tilsett på slutten av året.

I 2024 blei det gjennomført oppussing av to avdelingar. Det blei gjort eit budsjettvedtak med ei midlertidig reduksjon av plassar under byggeperioden. Det har stort sett gått bra, men belegget er utføreseieleg og kan variere mykje.

Avdeling A har blitt pussa opp og har fått eit tilbygg med 5 nye pasientrom, eit nytt vaktrom, samtalerom og lager. Korttidsavdelinga med 6 rom er også pussa opp. Avdelingane har blitt flotte, og det har no kome takheisar på alle nye og nyoppussa rom, noko som er til stor nytte for dei tilsette og pasientane. Bada har fått tilpassa do og vask med hev/senk funksjon og har blitt mykje større. Eit nytt alarmsystem er teke i bruk der alarmane kjem på telefon, noko som reduserer støy frå ringing i klokkar. Det er også eit nytt system på dørene til pasientromma, der berre pasienten sjølv og tilsette har tilgang.

Rekruttering av personell er den største utfordringa for institusjonen. Frå november 2024 blei det starta opp med sjukepleiarteam i samarbeid med heimetenesta, noko som kan løyse noko av utfordringane for å ha tilstrekkeleg sjukepleiarkompetanse til einkvar tid. Mangel på helsefagarbeidarar er òg stort med ca 5,6 vakante stillingar.

Avdelinga har hatt 2 sjukepleiarar frå vikarbyrå heile 2024, i tillegg til 2 ekstra i sommaravviklinga. Totalt i 2024 bruka avdelinga rundt 3 årsverk på vikarbyrå, noko som er kostbart, men nødvendig for å halde oppe forsvarleg drift.

Behovet for stødig bemanning er stort som fylgje av auken på demente og pasientar med komplekse tilfelle. Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus kjem tidlegare til kommunen etter samhandlingsreforma. Kommunane får no pasientar som før låg på sjukehus eller i spesialisthelsetenesta mykje tidlegare i sjukdomsprosessen. Lengre levetid og betre behandling gjev fleire komplekse og dårlege pasientar, og det krev både meir bemanning og

kompetanse. Dette er utfordrande, men det skaper også ein meir spennande arbeidsplass der tilsette må halda seg oppdaterte og utføre kompliserte prosedyrar.

Det døydde 12 brukarar på institusjonen i 2024. I den dårlege fasen må me ha eige personell hjå desse.

Kjøkken

Avdelinga fekk tilført kr. 100' i budsjettet for 2024 for å styrke bruk av lokalmat. Kjøkkenet har strikte avtaler dei må bruke, så det var litt vanskeleg å gjennomføre i praksis.

Det blei arbeidd med nye rammeavtaler på næringsmiddel hausten 2024. Me hadde 4 møte med Telemark Innkjøpssamarbeid. Ny avtale tek til i 2026.

Alle stillingar er besatt på kjøkken. 1 nyttilsett assistent og 1 personale som tok fagbrev som ernæringskokk i 2025.

Me har hatt språkpraksisstudent 2 dagar i veka fyrste halvdel av året, som auka til 100% på hausten 2024. Det har fungert veldig bra, noko me merkar på lite innleige på kjøkken og til stor hjelp med alle arbeidsoppgåver.

Lite sjukefråvær og stabil arbeidskraft med ny fagkompetanse er veldig bra.

Produksjon per måned til heimebuande har vore ca. 680 stk. pluss omsorgssenter og dagavdeling som har frukost, lunsj og middag. Middagar auka med ca. 80 per måned frå 2023.

Heimetenesta

Heimetenesta har gjennom 2024 vore gjennom fleire viktige utviklingsprosjekt og kvalitetsforbetringar. Med stadig aukande behov for omsorgstenester, har avdelinga jobba målretta for å møte utfordringane og sikre at brukarane får best mogleg oppfølging og hjelp. Eit av dei store prosjekta dette året har vore ferdigstilling av 10 nye omsorgsbustader. Desse bustadene gjev fleire eldre og pleietrengande ein trygg og tilpassa bustad med tett oppfølging frå helsepersonell. Dette prosjektet har vore eit viktig steg for å møte det aukande behovet for tilrettelagde bustadar i kommunen.

Vidare har ein fått midlar til oppgraderingar på omsorgssenteret, med eit nytt medisinerom som bidreg til betre organisering og større plass til medikamenthandtering for sjukepleiarane. Avdelinga har også pussa opp avdelingskjøkkenet ved omsorgssenteret. Dette har ført til eit meir funksjonelt og hygienisk kjøkken, og dermed betre kvalitet på matlaging og måltidsoppleving for bebuarane.

Kompetanseheving og simulering har vore eit fokusområde i 2024. For å sikre at tilsette er best mogleg førebudde på akutte situasjonar, har det vert gjennomført fleire

simuleringsøvingar. Desse øvingane har vore verdifulle for å styrke teamarbeid, kommunikasjon og handtering av ulike kritiske situasjonar i kvardagen. Simuleringane har også bidrege til auka tryggleik for både tilsette og brukarar. Dette prosjektet er eit interkommunalt prosjekt saman med alle Vest – Telemark kommunane og dette held fram i 2025.

Sjukepleiarteam

Eit av dei største utviklingsprosjekta i år har vore etableringa av sjukepleiarteam. I november 2024 starta helse- og omsorgstenesta opp eit felles sjukepleiarteam der sjukepleiarane frå institusjon og heimeteneste blei samla i ei eining. Bakgrunnen for denne omorganiseringa var den langvarige rekrutteringsutfordringa me har hatt, spesielt knytt til institusjonstenesta. Med ei stadig aukande eldre befolkning og aukande behov for helse- og omsorgstenester, har det vore viktig å finne meir bærekraftige løysingar. Sjukepleiarteamet er ein del av denne strategien, der ein nyttar sjukepleiarressursane på ein meir fleksibel og effektiv måte.

Arbeidet med prosjektet starta i januar 2024, og gjennom året har ein kartlagt arbeidsoppgåver og organisert bemanninga for å sikre best mogleg ressursutnytting. Prosjektet har blitt organisert med ei styringsgruppe og to prosjektgrupper – ein for sjukepleiarar og ein for helsefagarbeidarar. Alle arbeidsoppgåver til sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og assistentar blei kartlagde og fordelte til rett yrkesgruppe, noko som resulterte i ein ny bemanningsplan for sjukepleiarteamet, institusjon og heimeteneste. I samband med denne omorganiseringa blei det også oppretta seks gruppeleiingsstillingar for helsefagarbeidarar. I perioden har me oppretta to midlertidige stillingar som avdelingsmedarbeidarar, med hjelp av midlar frå flyktningtenesta.

Målet med sjukepleiarteamet er å utnytte ressursane på ein meir hensiktsmessig måte, slik at ein kan sikre rett kompetanse på rett stad til rett tid. I tillegg håpar me at ei slik organisering vil gjere det meir attraktivt å jobbe som sjukepleiar i kommunen, med større fagmiljø og auka fokus på sjukepleiefaglege oppgåver. Teamet har samla brei kompetanse innan fleire fagfelt, inkludert kreftomsorg og palliasjon, diabetes, ernæring, sårbehandling, demens, psykiatri og anestesi.

For å drifte sjukepleiarteamet med planlagd bemanning på dag og kveld krevst det 12 årsverk, i tillegg til tre sjukepleiarårsverk på natt. Desse stillingane blir dekte av faste sjukepleiarar. Prosjektet er etablert som eit prøveprosjekt over eitt år, og det er planlagt evalueringar kvar månad i prosjektperioden.

Heimehjelp

Heimehjelpstenesta har opplevd stabil etterspurnad, men med eit auka behov for fleksibilitet og individtilpassa løysingar.

- Tal på brukarar: 58

Heimevaktmeister

Heimevaktmeisterstenesta har levert praktisk hjelp til eldre og funksjonshemma som treng assistanse til vedlikehald og mindre reparasjonar i heimen. Det har vore ei jamn auke i oppdraga, og tilbakemeldingane har vore positive.

Dagavdeling for heimebuande demente

Dagavdeling for demente har hatt stor pågang i år, noko som viser eit aukande behov for denne tenesta. Fokus har vore på aktivisering og sosial samlingstad for eldre. Dagavdelinga har vore open fire dagar i veka, med 2 tilsette på jobb 2 dagar og ein tilsett 2 dagar. Avdelinga har fleire faste aktivitetar og stadig fleire dagpasientar. På tysdag og onsdag kjem rundt 30 personar, medan måndag og fredag har eit snitt på 15. 12 pasientar hadde vedtak om dagtilbod.

Det har blitt satsa mykje på Motiview i 2024, og me deltok i Sykkel-VM for seniorar, der Tokke kommune kom på 37. plass av 263 lag. Aktiviteten er populær og har blitt ein sosial arena. VM blei avslutta med diplom, medaljar og blomar.

Åheim bufellesskap

Overordna mål for Åheim er at brukarane skal ha eit godt og meningsfylt liv trass sine funksjonsvariasjonar. Dei skal ha moglegheit til arbeid/dagaktivitet, meistre å bu og ha moglegheit til å delta på fritidsaktivitetar på lik linje med andre.

Åheim starta med årsturnus i 2023, og kjem til å halde fram med dette. Det er mange fordelar med årsturnus som moglegheit til auka stilling, kompensasjon for ekstra helger, lengre friperiodar og meir fleksibilitet for dei tilsette. Men det er også ulemper, kanskje spesielt for denne brukargruppa. Det er mindre rom for å planlegge ein føreseieleg kvardag med til dømes same tilsett på ulike vekedagar. Dette er ei utfordring for nokon tenestemottakarar. Me arbeider kontinuerleg med å tilpasse ny årsturnus som skal vera til det beste både for tenestemottakarar og tilsette.

Åheim har jobba vidare med den nasjonale rettleiaren «Gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming». Avdelinga ynskjer å kvalitetssikre vedtak opp mot

denne rettleiaren og lage gode prosedyrar og system til beste for tenestemottakar. Kommunen er med i eit nettverk for Telemark som har faste samlingar for leiarar og høgskuleutdanna, der fokuset på rettleiaren har vore stort dei siste åra.

Rekruttering er framleis ei utfordring. Me har vore heldige med rekruttering av vernepleiarar, men det er utfordrande å få tak i ringevikarar og helsefagarbeidarar. Mange blir tatt inn på opplæring i løpet av året og det er mykje utskifting på vikarar. Det fører igjen til ein del underbemanning og bruk av overtid. Det var behov for bruk av vikarbyrå sommar 2024.

Det blei gjennomført 10 – faktor undersøking med god svarprosent på avdelinga. Resultata viser at det er godt arbeidsmiljø og tilsette som trivest på arbeid. Det er laga handlingsplan der avdelingane jobbar vidare med to faktorar. Tillitsvald, verneombod og leiar har også delteke på kurs om psykologisk tryggleik.

Tre tilsette tok til på vidareutdanning i 2024. To tilsette har no gjennomført utdanning i «seksuell helse hjå psykisk utviklingshemma» og ein tilsett går på helsefagarbeidar. Auka kompetanse er viktig for å auke det faglege nivået.

ROS-analyse blei gjennomført i 2022. Dette var eit stort arbeid som gav oss viktig kunnskap om utfordringar i arbeidskvardagen. Denne blir bruka aktivt gjennom året og oppdatert ved behov.

Det blei starta med rehabilitering av dei eldste bustadane på Åheim på slutten av 2024. Dette arbeidet vil halde fram i 2025. Det var også planlagt med påbygg av fellesareal i 2025, men saka vart utsett i budsjettforhandlingane i 2024. Bygget tilfredsstiller ikkje krava til kjøkken, medisinerom, pauserom eller garderobe. Verneombod er involvert og har sendt tilbakemelding til kommunestyret, då ein meiner at bygget ikkje tilfredsstiller krav til arbeidsmiljøet.

BABU (dag/arbeids – tilbod) har opparbeidd seg gode rutiner og arbeidsoppgåver. Avdelinga har framleis eit veldig godt samarbeid med Røde Kors der me hentar og sorterer flasker. Dette er hovudinntekta til Røde Kors som gjev dei moglegheit til utvikling og innkjøp av nødvendig utstyr. Mykje av inntektene går til Røde Kors, men BABU får også ein god del av inntektene. Inntektene til BABU for 2024 var på om lag 100 000,-.

BABU har prosjekt «spreia glede» både til påske og jol, med mange positive tilbakemeldingar. Det største prosjektet til BABU er likevel å ruste opp og halde ved like området på Tangane ved Soria Moria. Det har vore ein stor og krevjande jobb med eit fantastisk resultat. Området har blitt mykje nytta av innbyggjarar og turistar både sumar og vinter, men det krev ein del utstyr og det er kostnadar som Åheim/BABU til no har måtta

dekt på eige budsjett. Dersom me skal halde fram med dette er avdelinga avhengig av å få midlar til drift.

For helse og omsorg køyrer BABU blodprøver til Åmot kvar fredag, hentar og leverar medisin frå Coop til legekontor/helsesenter/omsorgssenter kvar veke, ber ved/køyrer sand/måkar sno for heimebuande ved behov og køyrer post. Dette sparar andre avdelingar for utgifter og bruk av personale.

Legeteneste

Legedekninga var stabil med tre fastlegar. Det vart lyst ut etter ny ALIS-lege, men ingen søkte. Kommunestyret vedtok oppretting av ny fastlegeheimel haust 2024.

Aktivitet 2024

Kategori	Antall
Konsultasjonar	4558
Konsultasjonar > 20 minuttar	1374
Telefonkonsultasjonar og e-kontakter	1600
Tverrfaglege møter	34
Sykebesøk	32
Kirurgiske prosedyrer	332

Massevaksinasjon for korona og influensa blei gjennomført med god deltaking. Ingen utbrot av smittsame sjukdommar blei registrert.

Folkehelseinstituttet gjennomførte ei brukarundersøking av fastlegeordninga. Resultata viste at Tokke låg godt over gjennomsnittet for tilgjengelegheit og like under for kontinuitet.

Diabetessjukepleiar i Tokke har i løpet av 2023 fulgt opp 65 av 120 diabetespasientar. Det har vore nødvendig å prioritere dei nydiagnostiserte og dei dårlegaste pasientane grunna lite kapasitet. Også i denne pasientgruppa ser ein at sjukehuset i Telemark avslutta fleire oppfølgingar enn i fjor og delegerte pasientar over til kommunen.

Kreftkoordinator har aktivt fylgd opp ca 20 pasientar 2024, i tillegg kjem dei som er inne på institusjon. Diverre ser me at kreftdiagnosar aukar, då spesielt livsstilsrelaterte diagnoser. Kreftkoordinatoren har eit særleg ansvar for samhandling mellom dei ulike tenestenivåa i helsetenesta slik at overgangen mellom sjukehus og kommune blir best mogleg. *Pakkeforløp heim* kom for fullt i 2024. Det vil seie at alle som blir diagnostisera med ei kreftdiagnose skal

inkluderast i pakkeforløp heim, som skal koordinerast av kommunen. Som eit samarbeid med kreftforeininga her er det starta opp temakafé. Det er eit lågterskeltilbod for kreftpasientar, overlevande, pårørende og etterlatne. Det har vore frå 3 -20 stk. på desse kveldane. Besøkande kjem frå, Tokke, Vinje , Kviteseid og Fyresdal. Kveldane inneheld ulike tema som til dømes ernæring, sorg, økonomi via NAV, førestillingar og sosialt samvær. Kommunen får støtte frå Kreftforeininga med kr. 5000 kvart år til dette formålet.

Tokke kommune har saman med Vinje kommune, Palliativt team STHF, Universitetet i Agder, Universitetet i Sør Norge og Senter for omsorgsforskning sør teke del i eit prosjekt som omhandlar førehandssamtaler. Førehandsamtale er ein kommunikasjonsprosess som skal tilbydast menneske med avgrensa levetid. Den skal sikre at ynskje og behov for no, og framtida, blir ivaretekne av helsepersonell.

I samarbeid med Vinje kommune har det blitt arbeidd med ein ny modell for legevakt med utgangspunkt i det som blir omtala som *nordsjø-turnus*. Føremålet med det er å få ei legevaktsteneste som er robust og berekraftig og som ikkje går ut over legetenester på dagtid. Arbeidet vil halde fram i 2025. Både Tokke og Vinje kommune har fått tilskot frå Helsedirektoratet for endringsarbeidet.

Helsestasjon

I budsjettet blei avdelinga styrkt med 70 % stilling. 50 % knytt til foreldrerettleing og 20% knytt til skulehelsetenesta på Vest Telemark Vidaregåande. Me har ikkje heilt klart å ta alt i bruk. Helsestasjonen har gjennom heile året vore underbemanna og me har vore nøydde til å prioritere hardt i oppgåver. Grunnen til underbemanning er at det er vanskeleg å rekruttere helsesjukepleiar, framfor alt til vikariat.

Skulehelsetenesta har prioritert tilbod om konsultasjon etter nasjonalfagleg retningslinje og vaksineprogrammet blei fylgd. I tillegg har trafikktryggleiksprosjekt med undervisning og utdeling av sykkelhjelm til 4. klasse blitt gjennomført. Studentar frå Medisinernes seksualopplysning (MSO) underviste ungdomsskuleelevar om seksuell helse og førebygging av seksuell uhelse, vald og overgrep.

Tenesta har halde fram med fast treffetid på Vest Telemark Vidaregåande som tidlegare med 1,5 dagar. Treffetida torsdagar har ofte blitt utvida grunna stor etterspørsel. Det har vore liten pågang på Helsestasjon for ungdom, som har ope to timer annankvar veke.

Me ser at det blir bruka mykje tid på å koordinere ansvarsgruppemøte. Me må framover arbeide meir med å fordele koordineringsansvar med andre avdelingar og etatar.

I 2024 kom det 35 flyktningar til kommunen. Helsestasjon har hatt 60% stilling til arbeid med flyktningar, men grunna sjukdom, permisjon og manglande rekruttering har me ikkje greidd å bruke heile stillinga, noko som har ført til redusert kapasitet.

Våren 2024 blei helsekartlegging, oppfølging og koordinering av helsetenester gjennomført.

To COS-p kurs og helserettleiing blei gjennomført. Frå hausten 2024 har me berre hatt kapasitet til helsekartlegging og litt oppfølging på grunn av underbemanning.

Fysio- og ergoterapi tenestene

Det var gjeve fysioterapitenester til 105 pasientar i 2024, med varierende oppfølging.

Fysioterapitenesta har under årets fyrste del tatt over delar av ergoterapitenesta på grunn av manglande kompetanse i kommunen.

Målgrupper	Brukere
Friskliv individuelt	2
Korttidsavd. Helsesenteret	25
Langtidsavd. Helsesenter og omsorgssenteret	6
Heimebuande	43
Kvardagsmeistring	2
Skuleheilsetenesta (borne- og ungdomsskule)	20
Skuleheilsetenesta (vgs)	4
Lymfødem	3

Fysioterapitenesten har gjennom året arbeidd med Prosjekt helse og ungdom. Prosjektet starta i 2024 for å kartlegge ungdom sine behov.

Tokke kommune har motteke tilskot på 40 000 kr til kvinnehelse frå Telemark fylkeskommunen. Her har me arbeidd med opplegg for trening av bekkenbotn og barselstyrketrening.

Tokke kommune fekk ny ergoterapeut frå mai 2024. Ergoterapitenesta står for kartlegging, vurdering, tilrettelegging, hjelpemiddelformidling og oppfølging av pasientar i samband med rørsle-, syns-, høyrse- og kognitivfunksjon. Hjelpemiddelsentralen har no flutt frå Skien til Larvik. Det er dermed endå lengre avstand enn før, noko som betyr at kommunane frå no av må ordne mykje sjølv rundt vedlikehald av hjelpemiddel. Alt i alt vil det etterkvart krevje meir ressursar då større delar av befolkninga skal bu i eigen bustad.

Psykisk helse og rus

2020	2021	2022	2023	2024
135 pasientar	156 pasientar	196 pasientar	188 pasientar	195 pasientar

Tenestemottakar med oppfølging/ tenestar frå psykiatrisk sjukepleiar/vernepleiar 2024

Totalt 195 pasientar har hatt oppfølging. Av dei er det 54 pasientar med samansette behov som gjev rett på vedtak. Dei har gjerne meir enn ei teneste, og hjelp frå fleire avdelingar/ instansar.

aldersgruppe	Menn 2024	Kvinner 2024	Totalt 2024	Totalt 2023
7-17 år	14	25	39	29
18-30 år	9	23	32	36
31-49 år	22	35	57	58
50-66 år	13	33	46	43
67-74 år	1	6	7	8
75-79 år	0	10	10	9
80-89 år	0	4	5	5
totalt	59	136	195	188

Psykisk helse/rus avdeling gjev hjelp/behandling til menneske med psykisk lidning og rus-utfordringar. Avdelinga deltek i tverrfagleg samarbeid både internt og eksternt. Oppfølging av barn/unge i samhandling med helse, oppvekst o.a.

På systemnivå bidreg psykisk helse og rus med sin kompetanse internt i kommunen, i interkommunalt samarbeid og i dialog med spesialisthelsetenesta.

Behovet for oppfølging er stort. Pasientgruppa har komplekse vanskar, stor pasientpågang og aukande oppfølgjingsbehov.

Avdelinga blei styrkt med 40 % stilling i 2024. Denne stillinga har blitt lagt til anna stilling i avdelinga og styrker oppfølgjinga av framfor alt kronikarar og arbeid i grupper, noko som gjev stabil drift for dei mest sårbare.

I løpet av 2024 fekk avdelinga på plass fagkompetanse i alle stillingar. Dette er særskilt viktig med tanke på utfordringsbilete som viser at fleire unge vender seg til avdelinga for å få hjelp.

Avdelinga opprettheld og vidareutviklar bruken av BABU som eit aktivitetshus for miljøterapi og grupper. Me ser at dette har blitt ein god stad for å etablere sosial kontakt og behandling. Møteplassar er spesielt viktig for denne gruppa, som oftast har eit lite nettverk.

Tenesta ser behov for bustadar for pasientar med psykisk helse og rus problematikk. Mange menneske strevar med å få tak i bustad i Tokke. Dei er lite attraktive i den private bustadmarknaden og dei strevar med dårleg økonomi. Tokke kommune manglar for tida forsterka omsorgsbustad til menneske som har redusert buevne, dette ligg inne i økonomiplanen 2026.

Psykisk helse og rus jobbar med ein strategiplan for tenesta. Planen skal utarbeidast i løpet av vår 2025.

Organisasjon og medarbeidarar

I helse- og omsorg var det 108,88 tilsette i 2024. 15,89 stillingar er knytt opp til enkeltbrukarar med ressurskrevjande omsorgstenester.

Den aller største utfordringa er mangel på helsepersonell. Fleire område strevar med å få på plass relevant kompetanse. Mangel på personale gjev eit ekstra press for tilsette. Trass det kjem det tilbagemeldingar om at det er eit godt arbeidsmiljø på dei fleste avdelingane. Utfordringa med personalmangel har vore størst på institusjon, noko som speglar den nasjonale situasjonen. Her blir det arbeidd vidare med tiltak som kan dempe belastning over tid.

Det har gjennom seiste året blitt søkt etter ALIS lege, helsesjukepleiar og helsefagarbeidar, utan hell.

Største delen av året har det vore mangel på sjukepleiarkompetanse. I slutten av november blei det etablert eit sjukepleiarteam, som arbeider på tvers av institusjon og heimetenesta. Iverksetting av teamet hadde effekt straks og tiltrekte seg til og med nye sjukepleiarar til kommunen. Ein uheldig konsekvens av endringa er at ein no har mangel på helsefagarbeidarar inne på institusjon. Her må det jobbast meir for å sikre jamleg rekruttering gjennom heile året.

Alle avdelingar gjennomførte 10-faktor undersøking. Det var to faktorar som fleire avdelingar trekte frem: mestringsklima og rolleklarleik. Alle avdelingar arbeider vidare med tiltak innanfor sitt område.

Gjennomsnittlig stillingsstørrelse Telemark (PAI)

Sum of Gjennomsnittlig stillingsstørrelse	Kolonnetiketter	2021	2022	2023	2024
Radetiketter					
Bamble kommune	67 %	67 %	68 %	68 %	
Drangedal kommune	59 %	61 %	60 %	60 %	
Fyresdal kommune	78 %	75 %	69 %	67 %	
Hjartdal kommune	58 %	60 %	62 %	65 %	
Kragerø kommune	72 %	71 %	72 %	76 %	
Kviteseid kommune	67 %	69 %	61 %	59 %	
Midt-Telemark kommune	72 %	72 %	76 %	74 %	
Nissedal kommune	61 %	69 %	69 %	71 %	
Nome kommune	63 %	63 %	66 %	67 %	
Notodden kommune	68 %	70 %	70 %	70 %	
Porsgrunn kommune	65 %	64 %	68 %	67 %	
Seljord kommune	65 %	70 %	74 %	64 %	
Siljan kommune	61 %	63 %	66 %	70 %	
Skien kommune	69 %	70 %	73 %	72 %	
Tinn kommune	69 %	71 %	74 %	73 %	
Tokke kommune	78 %	78 %	83 %	82 %	
Vinje kommune	66 %	69 %	68 %	68 %	

Tokke kommune er heilt på topp når det gjeld gjennomsnittleg stillingsstorleik i Telemark, på 82%. Dette kjem av at alle avdelingar no har tatt i bruk årstidsplanlegging, noko som gjer at alle kan få den stillingsstorleiken dei ynskjer.

Sjukefråværet har, over lag, gått opp det seiste året. Aller høgast ligg omsorgsavdelingane. Avdelingsleiarane rapporterer at det er utfordrande å fylgje opp tilsette godt nok. Det kan vera vanskeleg å rette opp.

	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Planområde 3	9,55	6,09	10,3	9,09	9,57	6,50	5,91
Langtidsfråvær	5,71	3,84	7,59	7,0	7,0	2,28	
Korttidsfråvær	3,85	2,25	2,7	2,09	2,57	4,32	

Utfordringar og framtidsutsikter

Innbyggjarane i Tokke har stort sett god helse. Likevel står helse- og omsorgstenesta ovanfor store utfordringar. Den eldre befolkninga veks og det blir stadig fleire pasientar med komplekse sjukdomsbilete. Det er ei aukande utfordring med å få tak i nok helsefagleg kompetanse og skape attraktive fagmiljø. Mangelen på personell vil stille krav til kommunen om auka samarbeid med fleire partar og pårørande må bidra i større grad enn før. Samarbeid med frivillige kan gjeva auka kapasitet. Samarbeid på tvers av kommunar om enkelte tenester vil også vera tiltak som må sjåast på og utviklast vidare. I Vest-Telemark har

me god tradisjon om samarbeid mellom enkelte tenester, men det er potensiale for ytterlegare samarbeid mellom enkelte eller fleire kommunar.

Helseteknologi kan vera med på å styrkje førebygging, eigenmeistring, diagnostisering, behandling og rehabilitering, der innbyggjarar, pasientar og pårørande i endå større grad enn tidlegare kan ta aktivt del i eiga behandling og oppfølging.

Befolkninga må ta grep og eigarskap til eiga helse. Innbyggjarane må ta grep og førebygge og planlegge for alderdomen sin i større grad enn i dag. Støttetiltak for å auke helsekompetansen og førebygging av livsstilssjukdomar er tiltak som blir viktige å tilby innbyggjarar.

Behovet for nytt helsehus er stort. Bygget er over 50 år gammalt og er ikkje eigna for dagens drift. Gjennom året har me fått fleire avvik knytt til arbeidsmiljø og GDPR i bygget.

Rapportering på handlingsprogram 2024

Tiltak	Skildring av tiltak	Resultat
Kompetanseløft 2025 1. Kompetanseplan for å behalde, rekruttere og utvikle personale 2. Tenesteutvikling	Tokke kommune skal ha ein plan for rekruttering, kompetanse og fagutvikling i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Tokke kommune skal drive med tenesteutvikling som er i tråd med nasjonal utviklingsplan for helse og omsorgstenesta	Rekrutteringsplan for etaten er ferdigstilt. Kompetanseplan er under arbeid og blir ferdig fyrste del av 2025. Etaten har gjennom året drive med to større tenesteutviklingsprosjekt: Oppretting av sjukepleiarteam, Prosjekt legevakt og legekontor
Auka satsing på kvalitetsforbetring og pasientsikkerheit Held fram med fokus på «Kva er viktig for deg» i alle deler av tenestane	Etisk refleksjon som ein systematisk del av arbeidet i alle deler av tenestene. - Oppdatering av basiskompetanse der det er behov	Omsorgstenestene har arbeidd vidare med gode pasientforløp. Me har ikkje klart å setje i verk etisk refleksjon 2024. Det blir tatt med inn i 2025.
Overgang frå reforma «Leve hele livet» til	Overgang og innføring av ny reform i løpet av 2024	Det har gjennom dei seiste åra blitt arbeidd godt med å legge til rette

«Bu trygt heime»-reforma Reforma har fire satsingsområde: 1. Levande lokalsamfunn 2. bustadtilpassing og - Planlegging 3. Kompetente og myndiggjorde medarbeidarar 4. Tryggleik for brukarar og støtte til pårørande.	Dei overordna måla med reforma er å bidra til at eldre kan bu trygt heime, og at behovet for helse- og omsorgstenester blir utsett gjennom betra planlegging, styrkt førebygging og meir målrettatenester.	for gode og framtidsretta buformer: nye omsorgsbustader blei opna under hausten og samtidig var renovering av institusjon ferdig. Dei buformer som finst i dag blir vurderte til å vera tilstrekkelege for dei næraste åra. Arbeidet med å trygge både innbyggjar og styrke kompetanse for personale er tatt med inn i 2025.
Auke innbyggjaranes helsekompetanse Styrking av helsekompetanse er å styrke evnene til å meistre forskjellige livssituasjonar. Tiltak: - Individretta tiltak gjennom kampanje og opplæring, (bruk av tolkeloven) - Systemretta tiltak gjennom organisering av tenester slik at brukarane finn rett informasjon. - Styrke helsekommunikasjon og helsepedagogikk blant helsepersonell	Gjeva innbyggjarar føresetnadar til å treffe sunne livsstilsval - Skape føresetnad for eigenmestring og eigen behandling av forbigåande og kroniske sjukdomar. - Sette menneske i stand til å bruke helse- og omsorgstenestene på ein hensiktsmessig måte	Etaten har ikkje fått starta opp med tiltak om informasjon og opplæring for innbyggjarane. Svært viktig tema som blir tatt med inn i 2025.

Planområde 4 – Plan, næring og kultur

Økonomisk oversyn

PLANOMRÅDE 4 - DRIFTSREKNESKAP 2024						
Ansvar	Navn	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Revidert budsjett 2024	Avvik	Forbruk
4100	Plan- og næring - administrasjon	6 293 618	6 043 684	6 043 684	-249 934	104 %
4200	Kulturadministrasjon	1 086 809	991 845	991 845	-94 964	110 %
4220	Samfunnshus	1 227 261	1 122 135	1 122 135	-105 126	109 %
4320	Kulturtiltak	6 817 108	2 771 132	6 771 132	-45 976	101 %
4330	Idrett	295 212	958 112	988 112	692 900	30 %
4410	Tokke folkebibliotek	2 440 224	2 428 135	2 428 135	-12 089	101 %
4510	Jordbruk	4 128 714	5 094 343	5 094 343	965 629	81 %
4520	Skogbruk og utmark	141 654	-12 208	-12 208	-153 862	-1160 %
4530	Turistføremål	1 093 747	1 709 560	1 709 560	615 813	64 %
4540	Næringstiltak	6 824 343	3 040 016	5 290 016	-1 534 327	129 %
4550	Ymse (viltforvaltning,syss.prosj.)	1 174 571	58 477	58 477	-1 116 094	2009 %
4600	Kart og oppmåling	696 376	645 769	645 769	-50 607	108 %
	Sum	32 219 637	24 851 000	31 131 000	-1 088 637	103 %

Samla overforbruk på PNK-etaten er 1 088 637 kr, som utgjør 3% av den totale ramma til planområdet.

Det er særleg på næringsområdet det har vore overforbruk. Dette er på grunn av at me har hatt store utbetalningar til prosjekt som det er løyvd pengar til tidlegare år, og at dei summene ikkje har blitt overført i budsjettet. Dette er politiske løyvingar som er gjort for 2-3 år sidan.

Innanfor "Landbruk" er det brukt mindre pengar enn i budsjett. Dette skuldast mindre lønsutgifter pga sjukemelding og at me betalar ut mindre landbrukstilskot enn budsjettet. Dette skuldast at aktivitetsnivået på investeringar i næringa er mindre enn tidlegare.

Det er og ein stor post som heiter "Ymse" som inneheld utgifter til mellom anna viltforvaltning, Soria Moria, bubilparkering på brygga og utgifter til sommarvikarar. Dette

gjer utslag for områda “skog og utmark” og “turistføremål”. Frå 2025 skal me ikkje bruke ansvaret som heiter “ymse” meir.

2024 har vore eit år der me har prøva å rydde opp og etablere nye ansvar som høyrer til kvar stilling på etaten. Det skal føre til betre oversikt og meir budsjettansvar for den einskilde tilsette. Me håpar at det skal bli betre samanheng mellom budsjett og rekneskap for 2025 når dette er innarbeidd i kvar stilling.

Tenesteproduksjon og aktivitetar

Næring

Næringsutviklaren arbeider med å stø opp om næringslivet som me har og me skal hjelpe dei som vil etablere nye verksemder eller aktivitetar. Næringsutviklaren handsamar alle saker om tilskot til næringsverksemder og lagar saker for politisk handsaming. Det ligg og til stillinga å utbetale årlege tilskot som er vedteke tidlegare. Dette gjeld til dømes tilskot til løypelaget på Skafsåheia, kanalbåtane, Telemarkskanalen mm.

Serveringsverksemder på Dalen har slite tungt dei siste åra. Skafså bakeri gjekk konkurs i 2024 og “kroa” i sentrumsbygget har vore stengd. Det ser no ut til at det er fleire som ynskjer å starte verksemd som sel kaffi og mat. I 2025 ser det ut til å bli serveringsverksemder på fleire stader på Dalen.

Den største næringssaka i 2024 var utbygginga av Dalen mekaniske AS. Der gav kommunen eit lån på 17 millionar til utvidinga av produksjonen. Dette var naudsynt for å styrke verksemda på Dalen. Det nye anlegget vil vera i produksjon i løpet av sommaren 2025.

Kommunen støtta og opp om utvidingsplanar for Brunvoll Mar-El. Det er og ei bedrift i god vekst og dei treng meir arbeidskraft og produksjonslokale på Dalen. Dei ynskjer å bygge ut og utvide produksjonen der dei er i dag med eit eventuelt tilbygg i 2025 eller 2026.

Reiseliv

Reiselivet i Tokke kommune hadde ein god sesong i 2024, med stabile besøkstal og høg aktivitet gjennom sommaren. Det er tydeleg at kommunen framleis står sterkt som reisemål, og at opplevingar som Soria Moria, Telemarkskanalen og Dalen Hotel trekker til seg både norske og utanlandske gjestar.

Eit viktig løft for reiselivet var flyttinga av turistkontoret til nye og meir sentrale lokale midt i Dalen sentrum. Dette har styrkt tilgjenge, synlegheit og servicenivået for tilreisande. Samstundes har flyttinga bidrege til å styrkje Visit Dalen som merkevare og aktør i lokalsamfunnet. Den nye plasseringa gjer det lettare for både gjestar og lokale å finne fram til informasjon og opplevingar i Tokke.

I løpet av året har det også blitt utarbeidd fleire spanande forprosjekt som kan bidra til å vidareutvikle tilbodet og opplevingsverdien i kommunen. Mellom desse finn me planane om ein universelt utforma stig til Ravnejuv, som vil gjera det ikoniske utsiktspunktet tilgjengeleg for fleire, samt eit nytt og synleg "Dalen"-skilt i Skafsåberget. Det er eit tiltak som både vil vere eit landemerke og ein attraksjon i seg sjølv.

Arbeidet med å vidareutvikle reiselivstilboda held fram i 2025, med fleire planlagde tiltak. Mellom desse er ei prisjustering på både Soria Moria og bubilparkeringa på brygga på Dalen. Prisjusteringa skal sikre berekraftig drift og spegle auka kostnader med drift og vedlikehald. I tillegg blir det lansert ei ny booking-plattform for Soria Moria som skal betre brukaropplevinga og effektivisere administrasjonen av tilbodet.

Reiselivet planlegg òg å gjera fleire grep for innsparing og å utvikle meir strategiske satsingsområde. Målet er å effektivisere drifta og sikre at ressursane blir bruka der dei gjev størst verdi for både gjester, lokalsamfunn og næringsaktørar.

Landbruk

Landbruk i Tokke er både jordbruk, skogbruk og utmarksnæringa.

Jordbruk

Jordbruksføretak

Talet på jordbruksføretak som søkte produksjons- og avløysartilskot hadde ein liten nedgang frå 62 i 2023 til 61 i 2024. Av desse driv 43 med husdyr.

Tilskot etter landbruksplan – jordbruk

Det er få store investeringsprosjekt på driftsbygningar. Likevel ser me ein auke i dreneringstiltak, der me har gode kommunale og statlege ordningar. Mange investerer og søker støtte til elektronisk overvaking og gjerdeteknologi.

Prosjekt	Tal søknadar	Løyvd tilskot
Oppgradering/nybygg driftsbygning	1	90 000
Nydyrking/oppgradering dyrka mark	2	171 500
Drenering	3	97 510
Elektronisk overvaking og gjerdeteknologi	12	103001
Mjølkekvote	1	138 588
Generasjonsskifte	1	100 000
SUM	20	700 599

Statlege ordningar – SMIL, drenering og tiltak i beiteområde

Nedanfor visast ein oversikt over tildelte rammer, tal på søknadar og totalt løyvde midlar innanfor dei ulike ordningane. Innanfor SMIL-ordninga blei det søkt tilskot til restaurering av verneverdige bygningar og rydding av gamle kulturbeite. For tiltak i beiteområde fekk eitt beitelag tilskot til sankehegner. På grunn av auka satsar og avgrensa ramme til drenering på nasjonalt nivå, fekk Tokke kommune ei svært avgrensa ramme.

Ordning	Ramme	Tal søknadar	Løyvd tilskot
SMIL	450 000	7	440 300
Drenering	61 000	4	58 761
Tiltak i beiteområde	80 000	1	80 000

Forvaltningsoppgåver etter konsesjonslov og jordlov

I 2024 handsama vi fem konsesjonssøknadar som gjaldt landbrukseigedomar. I tre av desse vart det sett vilkår om buplikt, medan to gjaldt ubebygde skogseigedomar. To søknadar om konsesjon med fritak frå buplikt på bustadhus blei handsama i 2024. Både blei innvilga.

Totalt handsama me 4 søknadar om deling etter jordlova § 12. Alle vart godkjende, i hovudsak av omsyn til busetting.

Skog og utmark

Skogbruk

Virkesprisane fortset å stige monaleg. Gjennomsnittsprisen har auka jamt dei siste 5 åra frå 345,- for å hamne på 676,- kr/m³ i 2024. Berre i 2024 har prisen på sagtømmer stige med nesten 200,- kr/m³. Det blei totalt målt inn 31 895 m³ i Tokke i 2024.

Barkebillesituasjonen forverra seg i 2024 og stadvis i kommunen er mykje skog øydelagd av barkebillar. Det blir arbeidd med å få ein oversikt over skadeomfanget og skogeigarar er oppmoda om å hogge frisk skog som står i områder der billeangrepa er som verst. Det blei planta 99 350 planter som er om lag 25 000 fleire enn i 2023. Areal der det blei utført ungskogpleie gjekk ned frå 991 dekar i 2023 til berre 228 dekar i 2024. Dette syner at behovet for auka fokus her er monaleg då etterslepet er stort. Det blei gjeve 100,- kr/m³ i kommunalt tilskot til motormanuell hogst i 2024. Det blei utbetala totalt 282 000 kr til skogeigarar som hogg med motorsag. Prosjektet med nye skogbruksplanar skulle vere ferdig i 2024, men planane var forsinka og blei sendt ut i februar 2025.

Aktivitet	2024	2023
Gj.sn virkespris alle sortiment (kr/m ³)	676	508
Total avvirking i Tokke (m ³)	31 895	31 223
Planting (antall planter)	99 350	74 100
Ungskogpleie (antall dekar)	228	991

Kommunalt tilskot motormanuell hogst (kr)	282 000	199 800
Kommunalt tilskot ungskogpleie (kr)	35 674	90 222

Utmark

Tildelinga av elg blei justert litt ned frå 231 til 224 frå 2023 til 2024. Felte elgar gjekk frå 167 til 161 i same periode. Fallvilt av elg er redusert til 15 i 2024 mot 55 i 2023. For hjort har auken i avskytinga stoppa opp og ende på 69 dyr i 2024, mot 83 dyr i 2023. All informasjon om statistikk finn ein på hjorteviltregisteret.no. Det er registrert 7 fallvilt av hjort 2024 mot 11 året før. Det blei arrangera temakveld hjortevilt i juni 2024 der det møtte opp 60 grunneigarar og jegerar. Fokus var på forvaltning av hjort, med foredrag av hjorteforskar Erling Meisingset frå NIBIO. Det er framleis mogeleg å nytte seg av Tokke kommune si side på inatur.no til å selje småviltjakt og fiskekort. Talet på søknadar om motorferdsel har auka etter at avstandskravet for løyve til hytte blei redusera frå 2,5 km til 200 meter. I 2024 blei det handsama 109 søknader om motorferdsel i utmark, mens talet frå 2023 var 106.

Aktivitet	2024	2023
Tildelt kvote elg (ant. dyr)	224	231
Skutt elg (ant.dyr)	161	167
Tildelt kvote hjort (ant. dyr)	624	625
Skutt hjort (ant. dyr)	69	83
Fallvilt elg (ant. dyr)	15	55
Fallvilt hjort (ant. dyr)	7	11
Søknader motorferdsel i utmark (ant handsama)	109	106

Kultur og idrett

Tilskotsordningane i Tokke kommune syter for at lag og foreiningar i Tokke kommune kan halde eit godt aktivitetsnivå med arrangement og aktivitetar, særleg tilskotsordninga arrangementsstønad er viktig for det frivillige kultur og idrettsfeltet.

Tokke kulturhus har hatt fleire arrangement og konsertar, to av desse jubileumskonsertar, Lamsodis 20 år i Vest-Telemark, og Tokke songlag 40 år. Kulturhuset held fram med samarbeidet med folkeakademiet i Tokke, bygdekinoen og Teater Ibsen som er gode leverandørar av kulturtilbod i Tokke.

Tokke kommune betala ut et stort lån på 3,8 mill kroner som Vest-Telemark museum hadde i 2024. Dette ble dekt av disposisjonsfondet.

Kulturprisen 2024 gjekk til Talleiv og Liv Jorunn Utistog og idrettsprisen gjekk til Ingrid Stigen Byggland. Vernepris for 2024 gjekk til Ivar Lofthus i Eidsborg.

Hausten 2024 blei hovudarbeidet med ballbingen på Høydalsmo ferdig og bingen tatt i bruk. Tokkehallen og Høydalsmo samfunnshus gjev idrettslaga ein god arena for aktivitetar året rundt, idrettsanlegga i kommunen er godt brukt og legg til rette for varierte idrettstilbod for både born og vaksne. Tokke kommune opna i 2024 Tokkegym Høydalsmo som gjev betre dekning for innbyggjarar som ynskjer eit individuelt treningstilbod.

Bibliotek

I 2024 har biblioteket halde fram arbeidet med å løfte aktivitetsnivået. Biblioteket er no endeleg attende på eit "før-korona-nivå". Ein ser av statistikken at besøket har tatt seg opp, men at lånetallet har gått ned. Staben har vore den same, og turnusen har vore stort sett uendra. Biblioteket driftar no biblioteket på Dalen, mediateket på Vest-Telemark VGS og bibliotekfilialen i Høydalsmo.

I 2024 hadde me ein del arrangement/aktivitetar. Besøk av forfattar Ruth Lillegraven, framsyning av Spelejenta av Jon Fosse, samt eit samarbeidsarrangement med Tokke og Vinje Hagelag og Tokke Bygdekvinnelag der me fekk Dennis Asbjørnsen, ein kjend hageinfluensar til å halde føredrag om «Spiselig hage». Me har hatt språkkaféar i lag med vaksenopplæringa, skummelt bibliotek til allehelgensaftan. Me har også hatt høgtlesingar for skule og barnehage, og i adventstida las me for heile småskulen kvar dag fram mot jol. Det har vore tre stykk på arbeidspraksis. Barnehagen i Høydalsmo har hatt meir regelmessig høgtlesing enn før.

Som tidlegare hadde me «Sommarles» for alle borna i grunnskulen gjennom sommaren. I vinter hadde me «Vinterles» for vaksne. Me starta opp som ein av dei første i Telemark på eit prosjekt som heiter «Tøyveskebiblioteket». Det er eit boklånstilbod for barnehagane i bygdene rundt kommunesentrum.

Biblioteket har også eit ansvar for å følgje opp fribyforfattaren som bur i Tokke. I 2024 var fribyforfattar i lag med koordinator på nettverksmøte i København, samt deltaking på litteraturfestivalar i Stavanger og i Vinje. Forfattaren har jobba jamt og trutt med bokprosjekt.

Utvikling av besøkstal og utlån i biblioteka etter år. (Høydalsmo og Dalen):

	2020	2021	2022	2023	2024
Besøkstal	9 824	11 106	16 325	17 871	19 987
Utlån	11 870	12 673	12 476	12 987	11 210

Arealplan

Hovudoppgåva innan arealplan i 2024 har vore reguleringsplan for Dalen. Det har blitt gjennomført skredutgreiingar for Vistadmoen og Haugsevje. Planen har vore gjennom fleire justeringar for å sikre god kvalitet, og er no løfta til ein områderegulering. Plangrensa er justert og sentrumsområdet er tatt ut og vil bli handsama som ei eiga regulering. Dette gjer kommunen betre rusta til å møte framtidige behov.

Det er også utarbeidd og vedteke nytt planprogram. Der er reguleringsplan for Dalen, sentrumsplan for Dalen og reguleringsplan for Åmdals Verk (sentrum) og kommuneplanen løfta fram som høgst prioriterte planar.

I tillegg er det sett i gang førebuande arbeid med ein ny reguleringsplan utanfor Åmdals Verk sentrum etter politisk bestilling hausten 2024.

Byggesak

Det har vore ganske stabilt med byggesaker i 2024 kontra 2023, men ein liten nedgang i byggeaktiviteten andre halvdel av året.

Sakene er fordelt slik at det er flest eitt-trinnssøknadar med og utan ansvarsrett. Det har vore om lag 125 bygge- og utsleppssaker. Mange av desse er dispensasjonssaker til politisk handsaming, og det utgjer omlag 25 % av totalen. Ferdigattestar utgjer omlag 15-20 % av saksmengda. Utsleppssaker utgjer om lag 10 % av sakene. Det er nokre meldingssaker, og berre eit par rammesaker.

Det blei halde kurs for byggesaksavdelinga og arkivtenesta i E-byggesak hausten 2024 i samarbeid med Vinje kommune. E-Byggesak er ein tilleggsmodul i sakshandsamings-systemet Elements, og blei teken i bruk på nyåret i 2025.

Det har elles vore noko planarbeid, slik som ferdigstilling av sti- og løypeplanen, reguleringsplanføresegner for Dalen sentrum og kulturminne.

Kart og oppmåling

Saksmengda i 2024 har vore lik som i 2023 . I 2024 var det 15 frådelingssaker, 7 arealoverføringar og 2 grensejusteringar. I tillegg var det 4 saker om klarlegging av eksisterande grense.

Det har vore 3 saker om heimel etter kunngjering og ein del føring i matrikkel for Jordskifte og Statens Vegvesen.

Det var totalt 156 heimelsoverføringar på bustad, fritidsbustad og landbrukseigedomar i 2024. 53 Med buplikt og 103 utan buplikt.

Organisasjon og medarbeidarar

Plan, næring og kulturetaten har 14 fast tilsette i totalt 12,08 stillingsheimlar. I tillegg er det 4 badevakter og ein del somartilsette ungdom på turistinformasjonen som er timebetalt.

Etaten er leia av kommunalsjef og det er 8 tilsette innanfor fylgjande fagområde:

- Næringsutvikling
- Reiseliv
- Jordbruk
- Skog og utmark
- Kultur og idrett
- Byggesak
- Arealplan
- Kart og oppmåling

I tillegg er det ein bibliotekar og 3 tilsette ved biblioteket på kulturhuset. Etaten driv og symjebassenget med ein fast tilsett i 38% stilling, og 4 badevakter.

I 2024 blei det tilsett nye personar innanfor stillingane på næring, skog og utmark og arealplan. Det har vore eit krevjande år med fleire nytilsettingar og sjukemeldingar. Dei

tilsette har vist stor vilje til å ta i eit tak på tvers av ansvarsområde for å få avdelinga til å fungere godt.

Det er eit svært godt arbeidsmiljø på PNK-etaten. Alle trivast godt på jobb og har eit stabilt godt humør. Det har likevel vore litt sjukefråvær.

Rapportere om sjukefråvær og arbeidsmiljøtiltak

	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Planområde 4	4,88%	6,51%	7,07%	6,04%	7,08%	4,4%
Langtidsfråvær	2,56%	4,59%	4,49%	4,55%	5,88%	2,88%
Korttidsfråvær	2,32%	1,92%	2,58%	1,49%	1,2%	1,52%

(Før 2024 var planområda 4 og 5 slått saman.)

Utfordringar og framtidsutsikter

Den største utfordringa for etaten er at me må spare pengar. Kommunen må gjera drastiske innsparingstiltak som og gjeld for PNK-etaten. Det er mykje av vår verksemd som er knytt opp til tilskot av ulike typer. Dette gjeld spesielt innanfor næring og landbruk, men og innanfor kultur og idrett. Det er viktig at kommunen har ein aktiv næringspolitikk for å skape nye verksemder og halde på dei me har.

Me ser at det går mykje ressursar til arealplanlegging. Når ein skal produsere planar sjølv så bind det opp mykje kapasitet. Det er stor trong til å utarbeide ny kommuneplan, men det har me ikkje kapasitet til så lenge me har store reguleringsplanar som må gjerast ferdig. Når det gjeld reguleringsplanar så er det og eit stort behov for å revidere dei i mange grender, men det må vente til me får tid. Planarbeid er svært viktig for å skape og styre utviklinga i samfunnet vårt. Det er derfor svært viktig å ha fokus på dette for at me skal få levedyktige samfunn i heile kommunen.

Planområde 5 - Teknisk

Økonomisk oversyn

PLANOMRÅDE 5 - DRIFTSREKNESKAP 2024						
Ansvar	Navn	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Revidert budsjett 2024	Avvik	Forbruk
5000	LMT	162 452	90 819	90 819	-71 633	179 %
5100	Teknisk sjef - felles	1 466 465	2 463 993	2 463 993	997 528	60 %
5190	Avg.pl.sal - teknisk	-24 574	-15 004	-15 004	9 570	164 %
5300	Maskinpark	1 478 902	436 013	436 013	-1 042 889	339 %
5410	Vassanlegg	-486 451	-1 055 555	-1 055 555	-569 104	46 %
5420	Avløpsanlegg	-2 806 249	-3 937 296	-3 937 296	-1 131 047	71 %
5430	Renovasjon	16 427	-1 038 148	-1 038 148	-1 054 575	-2 %
5510	Kommunale vegar	13 077 388	3 620 823	3 620 823	-9 456 565	361 %
5530	Gateljos	349 765	141 504	141 504	-208 261	247 %
5610	Brannvern	5 098 245	4 073 934	4 073 934	-1 024 311	125 %
5620	Feiing/brannsyn	95 390	25 848	25 848	-69 542	369 %
5700	Bustadføremål - felles	-5 944	12 004	12 004	17 948	-50 %
5720	Tilskotsordningar	1 223 115	600 000	600 000	-623 115	204 %
5800	Eigedomsforvaltning - felles	-25 163	-63 000	-63 000	-37 837	40 %
5810	Bygningar	26 832 043	23 279 790	23 089 790	-3 742 253	116 %
5820	Uteanlegg	1 220 300	849 271	1 059 271	-161 029	115 %
5850	Tokkestad	20 847	-374 996	-374 996	-395 843	-6 %
	Sum	47 692 960	29 110 000	29 130 000	-18 562 960	164 %

Forklaring av vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap

Ansvar	Tekst	Årsak	Beløp
5000	LMT	Utgifter til møteverksemda har auka samstundes med tal møte og dagmøte.	-71 633
5300	Maskinpark	Kostnadene for bilhald og maskiner er flutt frå dei forskjellige ansvara og over på maskinpark. Me bruka i overkant av 700 000 kr på drivstoff.	-1 042 889
5410	Vassanlegg	Meirforbruk på vedlikehald av utstyr og eit mindre forbruk på personell.	-569 104
5420	Avløpsanlegg	Meirforbruk på vedlikehald av utstyr og på personell. Feil budsjettering av inntekter på dette sjølvkostområdet. Førte til eit overforbruk.	-1 131 047
5430	Renovasjon	Mindreforbruk på løn, det var ein feil budsjettering på utgifter, 430 000 på kostnader ved renovasjon og 580 000 på avsetning til driftsfond.	-1 054 575
5510	Kommunale veger	Kraftigare snøfall enn dei seiste åra, saman med at ein etterlyste/purra opp gamle rekningar, utgjorde ein stor skilnad på dette planområdet. Den største enkeltkostnaden er at Prosjektet G/S veg Vistadmoen ikkje kunne takast som eit investeringsprosjekt, då dette blir gjeve bort, men blei overført til drift. Dette utgjør 7 500 000 kr.	-9 456 565
5530	Gateljos	Meirforbruk på straum. Dette blir nå sjekka opp mot VTK om dette er rett. Det var også ein del vedlikehald av eksisterande armatur. Med det nivået på straum faktorene som er nå er det ikkje rom for noko vedlikehald i ramma.	-208 261

5610	Brannvern	Fleire utrykningar samanlikna med 2023, dette har resultert i eit overforbruk. Det er eit overforbruk på løn tilsvarande 1 100 000 kr.	-1 024 311
5720	Tilskots-ordningar	Det kom inn ein stor auke av søknader, dette tilsvara ein dobling av utgiftene til dette tilskotet som det var satt av pengar til i ramma.	-623 115
5810	Bygningar	For lågt budsjettert på faste utgifter, samt at det berre er sett av 1 000 000 kr totalt for vedlikehald av heile bygningsmassane til kommunen. KLP tilrår at kommunane i snitt brukar 200 kr pr. kvm, Tokke ligg på rundt 100 kr. pr kvm og har gjort det over ein periode. Dette medfører at bygningsmassen blir meir slitt.	-3 742 253
5850	Tokkestad	Ekstraordinere utgifter med leigetakar-tilpasningar.	-395 843

Antall kvm Bygningsmasse fordelt	2017	2022	2025
Antall kvm bygningsmasse 130	3000	3000	3000
Antall kvm bygningsmasse 221	2200	2255	2255
Antall kvm bygningsmasse 222	6000	5850	5850
Antall kvm bygningsmasse 261	10000	8000	6000
Antall kvm bygningsmasse 265	2000	2050	6880
Antall kvm bygningsmasse 381	2000	2400	2400
Antall kvm bygningsmasse 386	4000	6385	6385
Antall kvm diverse bygg	6500	6800	7430
Antall kvm VA	Lagt inn under diverse bygg	2405	2405
Antall kvm Bygningsmasse totalt	35700	39145	42605

Auken av kvm bygg har vore stabil, over fleire år, auken mellom 2017 og 2022 er på 9,6% og auken mellom 2022 og fram til januar 2025 er den på 8,8%, dette gjev ein total auke på 19,3% frå 2017 til januar 2025.

KLP meiner at ein burde budsjettere med 200 på kvm på FDV (Forvaltning, Drift og Vedlikehald) av bygg i Noreg. I Tokke Kommune ligg me på nivået Kr.100,60 pr. kvm i FDV.

Investeringsbudsjettet:

Prosjekt 6404: Dalen kanalbåtbrygge, konstruksjon			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.24	Kommentar
1 062 312	1 000 000	1 062 312	Brygge er verna, får bare byte ut det som er heilt nødvendig. Del 1 ferdig i 2024
			Held fram med del 2 og 3 i 2025.
Prosjekt 6501: Nytt låsesystem kommunale bygg			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.24	Kommentar
			Tokke kommune fekk avvik på dører under branntilsyn, dører må opne seg når brannalarmen går. Der er årsak til overforbruk+ at Dalen barnehage hadde defekt adgangskontroll.
1 343 753	1 145 000	1 343 753	
Prosjekt 6508: ENØK - styringssystem			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
			Varmepumper Høydalsmo samfunnshus Automatikk ventilasjon Helsesenter
2 009 216	1 680 000	2 009 216	
Prosjekt 6503: Opprusting av kommunale bygg			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
			Hovudinngang helsesenter utført 2024 Solskjerming avdeling D Bytte frå koparrøyr til pcb (plastrør), helsesenter
320 816	305 000	320 816	Prosjektet er pågåande over fleire år og bygg blir tekne etter tur

Prosjekt 6504: Kommunale utleigebustad, opprusting			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
			1 leilighet på Åheim oppgradert i 2025. Tilsagn frå Husbanken på tilskot på oppgradering av bad. Inntil 825 000,-
1 105 378	1 500 000		Prosjektet er pågåande over fleire år, 2 leiligheter blir oppgradert på Åheim 2025.
Prosjekt 6506: Ombygging, tilbygg avdeling A Tokke Helsesenter			
Rekneskap (2024)	Budsjett – totalt	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
			Totalregnskap: 33 857 134,- Tilskot Husbanken 18 150 000,- Mva kompensasjon 6 767 386,- Kommunal del 8 939 748,- Inventar for 1 100 00,- er inkludert i denne summen. Det var mykje uforutsett i prosjektet som gjorde at det blei ein del endringsmeldingar.
33 857 134	33 000 000	33 857 134	Ferdigstilt oktober 2024
Prosjekt 6526: Byrte Grendehus			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
			Nytt kjøkken og toalett
1 276 279	1 600 000	1 276 279	Ferdigstilt mars 2024

Prosjekt 6511: Omsorgsbustader			
Rekneskap (2024)	Budsjett totalt	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.24	Kommentar
			Totalregnskap: 44 191 960,- Tilskudd Husbanken 16 290 000,- Mva kompensasjon 8 764 126,- Kommunal del 19 137 834,-
44 191 960	44 500 000	44 191 960	Ferdigstilt august 2024
Prosjekt 6587: Signalanlegg og 6588 Takheisar (var eit prosjekt i søknaden til Husbanken)			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
			Totalrekneskap: 3 085 546,- Tilskot Husbanken 1 697 051,- Mva kompensasjon 605 688,- Kommunal del 782 807,-
3 085 546	3 100 000	3 085 546	Ferdigstilt desember 2024
Prosjekt 6585: Toalettanlegg Høydalsmo skule			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
			Uforutsette utgifter på asbestsanering og brannkrav. Det blei også oppdaga ein straumledning (inntakskabel) som var lagt inn i betonggolvet.
1 740 037	2 500 000	1 740 037	Blir ferdig stilt våren 2025

Prosjekt 6590: Ombygging kommunehus			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
685 532	1 000 000	685 532	Kontor teknisk blei gjort større, samt nytt møterom Ferdigstilt mars 2024
Prosjekt 6505: Elvarheim			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
3 945 929	4 680 000	3 945 929	Tak, glas, drenering og kledning ferdigstilt 2024. Toalett manglar.
Prosjekt 6540: Garasje Buøy			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
896 437	1 200 000	896 437	Ferdigstillast i 1. kvartal i 2025
Prosjekt 6584: Medisinrom omsorgssenter			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
134 912	160 000	134 912	Ferdigstilt juni 2024
Prosjekt 6586: Kjøkken omsorgssenter			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
341 602	450 000	341 602	Ferdigstilt juni 2024

Prosjekt 6591: Brannvarsling barnehagen Åmdals Verk			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
239 355	300 000	239 355	Ferdigstilt september 2024
Prosjekt 6512: Lager Åheim			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
522 184	525 000	522 184	Asfaltering og maling blei utført i 2024, garasjen blei ferdig i 2023.
Prosjekt 6539: Grillhytte og lager Høydalsmo barnehage			
Rekneskap (2024)	Budsjett – 2024)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
902 659	600 000	902 659	

Tenesteproduksjon og aktivitetar

Bygg

Tokke kommune har auka talet på kvadratmeter bygningsmasse dei siste åra. Mange bygg er det eit stort vedlikehaldsetterslep på. Tak må utbetrast på nokon bygg innan få år.

Skafså Grendehus, omsorgssenter og garasjar blei beisa i 2024.

1 kommunal utleigebustad blei renovert i 2024.

Etter vedtatt vedlikehaldsplan blir det avsett for lite midlar til vedlikehald, bygningane har eit stort etterslep. Teknisk brukar mykje av midlane sine på straum, avgifter og årlege pålagte årskontrollar/serviceavtaler. Ofte blir det avvik på kontrollane som må lukkast.

Investering Teknisk

- ENØK Høydalsmo samfunnshus, varmepumper og brønnar
- Ferdigstilt avdeling A Tokke Helsesenter
- Ferdigstilt 10 stk nye omsorgsbustader Dalen

- Opprusting av 1 leilighet Åheim
- Høydalsmo barnehage - lager og grillhytte blei ferdigstilt
- Konstruksjon kanalbåtbrygge del 1 ferdigstilt
- Takheisar avdeling A Tokke Helsesenter
- Nytt sjuke signalanlegg Tokke Helsesenter
- Låsesystem Tokke Helsesenter og Dalen barnehage
- Brannvarsling Åmdals Verk barnehage
- Ombygging kommunehus, teknisk avdeling
- Medisinrom omsorgssenter
- Kjøkken omsorgssenter
- Oppstart toalettanlegg Høydalsmo skule
- Oppstart garasje Buøy
- Elvarheim, nytt tak og fasade
- Plattingar Høydalsmo alderspensjonat
- Verandaer, 4 aldersbustadar Dalen
- Inngangsparti Tokke helsesenter, ny dør m.m.
- Bytt ut kledning og alle nedløp omsorgssenter Dalen
- Ferdigstilling lager kommuneverkstad
- Ferdigstilling Byrte grendehus kjøkken og toalett
- Ferdigstilling GS veg Vistadmoen
- Gjort tiltak på Midjåsvegen (siktsoner og masseutskifting/kantforsterking) Modalen (siktsoner, masseutskifting og asfaltering) Frolandsvegen (siktsoner)

Reinhald

Det er stadig fleire bygg som blir tilknytt kommunalt reinhald. Tokke kommune har 19 reinhaldarar fordelt ut på dei kommunale bygga, der nokon er fast på ein plass og andre er ambulerande.

Reinhaldarane har no fleire maskiner og nokon av vaskesentralane er fornya, det gjer arbeidet lettare.

Reinhaldsplanar er digitalisera i LAFT. Mange av reinhaldarane er i gang med å bruke dette, med gode tilbakemeldingar, og det fungerer godt.

Avvik eigedomsavdeling


Det er ikkje registrert avvik på reinhald, avvik blir registrert på den etaten som melder det inn.

Brann

Tokke Brann og Redning hadde fleire utrykningar/oppdrag i 2024 enn det har vore tidlegare. Det blei til saman 73 utrykningar/oppdrag i 2024. Talet på utrykningar er ein oppgang frå 2023.

Avvik brann og redning

Det er ikkje registrert avvik på brannvesenet i 2024.



Kjelde: VTBV

Utrykningar brannvesen						
2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
68 (24 utrykningar skogbrann, ekstrem tørkesommar)	51	56	57	64	67	73

Drift kommunal veg

Av året 2024 blei mykje av tida bruka til ordinært vedlikehald som brøyting, strøing, skraping, lapping, soping, salting og kantslått langs kommunal veg. Det vart også utført grøfterensk og utskifting av stikkrenner på dei kommunale vegane i Lauvik, Lårdal og Byrte. Me ser som tidlegare nemnd i vegplan for 2022 at det er behov for å auke standarden på vegane, då me ser at mykje av tid og ressursar gjeng til vedlikehald, som kunne vore luka vekk om ein betra standarden på vegen.

I Bakkenfeltet blei det montera nye led-gateljos armatur.

Det blei bygd ny veg til dei nye industritomtene på Haugsevje, her blei det lagt fram vatn og avløp samtidig.

Etter vårflaumen i 2024 blei det gjort ein del arbeid med maskin for å rydde opp langs turvegen på Tangane og Soria Moria.
Alt gravearbeid er utført i eigen regi med eiga gravemaskin.

Avvik kommunal veg

Det er ikkje registrert avvik på uteavdelinga.

Maskiner og maskinplan

Ny tankbil til Tokke Brann og Redning blei levert i juni 2024. Teknisk etat kjøpte også inn gravemaskin og maskintralle i 2024.

Det er framleis eit stort behov for vaskehall til kommunen sine bilar og utstyr.

Vatn og avløp

Drift – status og tiltak

Drifta av vassforsyning og avløpshandtering har vore stabil. Vassforbruket på Dalen er høgt, og det er utfordringar med innlekk på avløpsnettet.

Arbeidet med hovudplan for vatn og avløp er godt i gang. Kommunen har også blitt medlem av Vannstandard, eit verktøy for å sikre og kommunisere krav til utbygging og drift av VA-anlegg.

Det er montert nytt UV-anlegg på Åmdals Verk, og Hallbjønnsekken vassverk har fått oppgradert UV-aggregata + ny PLS.

I samband med gang- og sykkelveg mellom Gullkopp og Vistadmoen er det lagt 616 meter nye VA-leidningar.

Norconsult har gjennomført eit forprosjekt for Dalen reinseanlegg med vurderingar av rehabilitering versus nytt anlegg utanfor bustadområdet. Teknisk utstyr er over levetid, og ei omfattande oppgradering er naudsynt. I tillegg er det venta nye krav om sekundærreinsing (eit ekstra reinsesteg), noko anlegget i dagens tilstand ikkje er dimensjonert for.

Arbeidet med ristegodsmaskin og ombygging av pumpesump på Åmdals Verk er ferdig prosjektert og startar i 2025. Løysinga skal evaluerast før tilsvarande tiltak på Lårdal vassverk.

Det er gjennomført beredskapsøving i regi av Driftsassistansen for kommunane Tokke kommune, Vinje kommune, og Kviteseid kommune på Dalen med tema svak-kloring av leidningsnett.

Avvik

Det er registrert 27 avvik i 2024, alle er lukka. Desse er i hovudsak knytt til driftssituasjonar som overløp, straumutfall, teknisk svikt og vasslekkasjar.

Eit alvorleg avvik var branntilløp på Dalen reinseanlegg:

Driftsoperatør oppdaga brent lukt og røyk i gangen ved inngangen til anlegget. Årsaka var smelta

kontaktor og leidningar til innløpsrista. Elektrikar bytte kontaktor dagen etter. Det er observert mange slitne komponentar i alle tavlene på anlegget, og det bør gjerast ei total utskifting for å unngå branntilløp og driftsstans.

Andre avvik:

- Pumpehavari tømmestasjon for kanalbåtar – Gamle og ueigna tekniske installasjonar har gjeve fleire driftsproblem. Ny løysing blir etablert våren 2025.
- Feitt på Høydalsmo reinseanlegget – Betydelege mengder feitt i avløpet skapar utfordringar for reinseprosessen. Anlegget manglar feittavskiljar.
- Tett avløpsleidning på Huvestad – Avløpsvatn kom opp i kjellar grunna svanke med feittopphoping. Leidningen blei spylt, men svanka må utbetrast.

Investeringar 2024

- Ristegods fjerning - Åmdals Verk reinseanlegg
- Forprosjekt sekundærreinsing - Dalen reinseanlegg
- Nytt UV-anlegg - Åmdals Verk vassverk
- Nytt UV-aggregat og PLS - Hallbjønnsekken vassverk

Organisasjon og medarbeidarar

Kommunalsjef er øvste leiar for administrasjonen i 100% stilling. Under kommunalsjefen ligg det 3 støttefunksjonar: ein prosjektleiar, VA-ingeniør og ei konsulentstilling i 100%, samt 2 avdelingsleiarar på Uteavdeling og Eigedomsforvaltning.

Avdelingsleiar uteavdeling

Under avdelingsleiaren ligg det ein fagleiar i 100% stilling som har ansvaret for dagleg drift av bygningar. Avdelingsleiaren har ansvaret for dagleg drift av vegar, anlegg og VA.

Avdelinga har 10 tilsette, fordela på 9,93 årsverk.

Avdelinga har i tillegg 4 årsverk fordela på 4 tilsette. Avdelinga tek mykje vedlikehald og investeringsprosjekt i eigen regi, saman med tilsette frå uteavdelinga. Dette fungerer veldig bra, og sparar oss for utgifter.

Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga har ein eigedomsforvaltar i 100% stilling som er avdelingsleiar og dekkjer fagfelte reinhald, byggforvaltning og brannberedskap.

På reinhald er det 19 tilsette fordela på 18,54 årsverk.

Brann har 18 stillingar på 1,4%, totalt 0,252 årsverk.

Sjukefråvær og arbeidsmiljøtiltak

	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Planområde 4	6,31%	6,51%	7,07%	6,04%	7,08%	4,4%
Langtidsfråvær	5,22%	4,59%	4,49%	4,55%	5,88%	2,88%
Korttidsfråvær	1,08%	1,92%	2,58%	1,49%	1,2%	1,52%

(Før 2024 var planområda 4 og 5 slått saman.)

Utfordringar og framtidsutsikter

Teknisk etat i Tokke har høg aktivitet innan både drift, utviklingsprosjekt og investeringar. Ein stor del av bygningsmassen og infrastrukturen er aldrande og krev kontinuerleg vedlikehald og fornying. Det er særleg desse utfordringane som gjer seg gjeldande:

- Gamle bygg og anlegg med etterslep i vedlikehald, noko som fører til høge driftskostnader og låg funksjonalitet.
- Økonomisk ramme til vedlikehald er ikkje stor nok til å gjennomføre alt som er i vedlikehaldsplanen.
- Ekstremvêr og klimaendringar krev ny tenking rundt dimensjonering av kommunale vegar, stikkrenner og grøfting.
- Tryggleik og krav frå tilsynsmyndigheiter, t.d. innan brannvern og asbestsanering, fører til nye investeringar og krav om kompetanseheving.
- Lite lagerkapasitet og manglande fasilitetar for lagring og transport av utstyr for reinhald og tekniske oppgåver.

Klima og miljø

Innleiing

I tråd med vedtaket frå 2022 om felles klimaplan for kommunane i Vest-Telemark – «ein region med berekraftig framtid» – har Tokke kommune i 2024 arbeidd målretta med klima og miljø. Klimabudsjettet har vore eit sentralt styringsverktøy, der me har identifisert tiltak, anslått effekt og fordelt ansvar for gjennomføring.

Tiltak og gjennomføring

1. Vidareføring av kanallotteriet

Tiltaket har ikkje vore utført

2. Aktivt skogbruk og god skoghygiene

Kommunen har vore pådrivar for sunn skogdrift. Dette gjev høgare CO₂-opptak og betre naturtilstand. Arbeidet er i tråd med målet i klimaplanen om å ta vare på naturmangfaldet.

3. Aktivt jordbruk og støtteordningar til bønder

Tilskotsordningar har blitt nytta for å fremje klimatilpassa drift. Betre avlingar og redusert behov for innkjøpt fôr gjev positive klimaeffektar.

4. Utnytting av lokale matressursar

Det har vore eit ynskje om satsing på lokal matproduksjon og korte verdikjeder. Dette har vore prøva ut forskjellige plassar, da me tanke på å redusere transportrelaterte utslepp og kaupe inn sunn mat. Tilbakemeldingane er at det er for lite utval/ tal og me kan ikkje forsvare dei auka kostnadene.

5. Klimaforum i Vest-Telemark

Forumet har vore ein viktig arena for samarbeid, kompetansedeling og informasjonsarbeid retta mot innbyggjarar.

6. Enøk-tiltak og kartlegging i kommunale bygg

Det er starta førebuing til energimerking av kommunale bygg over 500 m², noko som vil gi grunnlag for målretta energieffektivisering. Redusert energibruk og kostnader har vore eit sentralt fokus. Kommunen har også vurdert framtidsretta løysingar som solenergi.

7. EL-bil, kommunale biler


Kommunen har i 2024 vidareført arbeidet med å fase ut tenestebilar med forbrenningsmotor til fordel for elbilar. Dette er eit ledd i den langsiktige

strategien om å redusere utslepp frå kommunal transport, og bidra til ei meir miljøvenleg og moderne bilpark.

8. Effekt og vurdering

Mange av tiltaka gjev ikkje utsleppskutt straks, men har betydeleg miljøvinst og legg grunnlag for vidare klimagassreduksjon. Tokke kommune har over fleire år redusert klimagassutsleppa sine. Frå 2009 til 2023 har dei totale utsleppa gått ned frå 12 322 tonn CO₂-ekvivalentar til 10 798 tonn – ein nedgang på om lag 12,4 %. Den største nedgangen har skjedd innan avfallshandtering, vegtrafikk og oppvarming.

Grafen under illustrerer utviklinga i utslepp i perioden 2009–2023, og viser ein tydeleg nedgåande trend:



er henta inn frå Miljødirektoratet

Effektar frå 2024 inkluderer:

- Auka bevisstgjerings blant innbyggjarane
- Reduksjon i straumforbruk
- Betringar i lokal matproduksjon og transport
- Høgare opptak av CO₂ gjennom god skogforvaltning
- Betre oversikt over energibruk i kommunale bygg

Avfallshandtering

2024 har òg lagt eit grunnlag for betra sorteringsgrad og avfallsreduksjon, i tråd med målet for 2025 om 10 % reduksjon i restavfall.

Ansvar og samarbeid

Landbrukskontoret har hatt hovudansvar for tiltak 1–5, medan teknisk avdeling har leia arbeidet med enøk og byggkartlegging. Samhandling mellom avdelingane og med eksterne aktørar har vore avgjerande.

Avslutning

Kommunen vil halde fram arbeidet for å oppnå klimamåla, og 2024 har vist at systematisk innsats gir resultat. Det som er oppnådd dette året, gjæv eit godt utgangspunkt for vidare innsats i 2025 og åra som kjem.

Vedlegg

Vedlegg nr. 1: Saker til handsaming i kommunestyret

Vedlegg nr. 2: Saker til handsaming i formannskapet

Vedlegg nr. 3: VTDS

Vedlegg nr. 4: NAV

Vedlegg nr. 5: Eigarskap